

# MØTEINNKALLING

**Utval:** Kontrollutvalet i Aurland kommune  
**Møtedato:** Onsdag 15. november 2017 kl 09:00  
**Møtestad:** Møterom 216

---

## SAKLISTE

**17/2017 Godkjenning av møteprotokoll 20.09.2017**  
**18/2017 Drøftingsaker, skriv og meldingar**  
**19/2017 Møteplan 2017**  
**20/2017 Forvaltningsrevisjon – saka blir ettersendt**

Eventuelle forfall meldast til kontrollutvalssekretariatet v/Harald Mo, tlf: 95 26 13 40 eller e-post [harald.mo@pwc.com](mailto:harald.mo@pwc.com)

Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Aurland, 08.11.2017

Olav Ellingsen  
Leiar (sign)

Harald Mo  
Sekretariat

**Kopi:**  
Ordførar  
Rådmann  
Oppdragsansvarlig revisor

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

### Sak 17/2017 Godkjenning av møteprotokoll

<b>Sakshandsamar</b> Harald Mo	<b>Møtedato</b> 15.11.2017	<b>Saknr</b> 17/2017
-----------------------------------	-------------------------------	-------------------------

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteprotokoll frå møte 20.09.2017 vert godkjent

#### VEDLEGG

<b>Nr.</b>	<b>Dok. Dato</b>	<b>Avsendar/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
1	20.09.2017	Sekretariatet for kontrollutvalet	Møteprotokoll frå møtet 20.09.2017

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

# Møtebok

**Møtedato:** 20.09.2017

**Møtetid:** Kl. 09:00-12:30

**Møtestad:** Rådhuset, 216

**Saksnr.:** 14/17 – 16/17

<b>Følgjande medlem møtte</b>	<b>Parti</b>
Olav Ellingsen, kontrollutvalsleiar	Sp
Gøril Tveiten Lie, nestleiar	MDG

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>	<b>Følgjande varamedlem møtte</b>	<b>Parti</b>
Jonas Ure Hylland	H	Kjell Nordgulen	Ap

<b>Ugilde</b>	<b>Sak</b>	<b>Følgjande varamedlem møtte</b>

<b>Møteleiar:</b>	Olav Ellingsen
<b>Frå sekretariatet møtte:</b>	Harald Mo, PwC
<b>Frå administrasjonen møtte:</b>	Rådmann Steinar Søgård
<b>Frå revisjonen møtte:</b>	Bjerg Rabbe Sandven, Håkon Lindberg, Rune Mydland
<b>Andre som møtte:</b>	Ordførar Noralv Distad
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	
<b>Synfaring:</b>	
<b>Merknader:</b>	

Underskrifter:

---

## SAKLISTE

Sak nr.	Sakstittel	Ope/lukka
14/2017	Godkjenning av møteprotokoll 14.06.2017	O
15/2017	Drøftingsaker, skriv og meldingar	O/L
16/2017	Framlegg til budsjett for kontrollutvalet for 2018	O

### Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

#### Sak 14/2017 Godkjenning av møteprotokoll

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	20.09.2017	14/2017

#### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møte 14.06.2017 vert godkjent.

#### 20.09.2017 KONTROLLUTVALET

##### SAK-11/17 VEDTAK

Møteprotokoll frå møte 14.06.2017 vert godkjent.

Samrøystes.

## Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

### Sak 15/2017 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Harald Mo	Møtedato 20.09.2017	Saknr 15/2017
----------------------------	------------------------	------------------

#### Refererte skriv og meldingar:

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsender	Tittel
1	13.08.2017	Ikkje offentleg	Ikkje offentleg. Jf. off. lov. §23
2	31.08.2017	Kontrollutvalet	Ikkje offentleg. Jf. off. lov. §23
3	23.06.2017	Harald Sjursen	Ikkje offentleg. Jf. off. lov. §13
4	28.08.2017	Harald Sjursen	Ikkje offentleg. Jf. off. lov. §13
5 a-d	29.08.2017	Harald Sjursen	Ikkje offentleg. Jf. off. lov. §13
6	28.08.2017	Kontrollutvalet	Svar på epost frå Harald Sjursen av 28.08.2017
7	30.08.2017	Kontrollutvalet	Epost til Harald Sjursen «Sak 12 2017 i kontrollutvalet i Aurland».
8	07.09.2017	KPMG	Uavhengigheitserklæring
9	20.09.2017	KPMG	Revisjonsplan 2017
10	08.09.2017	KPMG	Oppfølgingsspørsmål til forvaltningsrevisjon

#### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

#### 20.09.2017 KONTROLLUTVALET

#### Orienteringar i møtet:

1. Bjørg Rabbe Sandven orienterte om status på arbeidet med forvaltningsrevisjon av spesialomsorg.
2. Rune Mydland presenterte revisjonsplanen
3. Orientering frå rådmannen til vedlegg 1. Møte vart lukka under denne denne orienteringa.
4. Forvaltningsrevisjonsrapport 27.01.2017 – orientering om status frå rådmannen
5. Forvaltningsrevisjonsrapport 27.01.2017 – orientering om status frå ordføraren

#### SAK-15/17 VEDTAK:

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

I høve til brev til kontrollutvalet (vedlegg 1), så opplyser rådmannen at kommunen sine reglar og retningslinjer er følgt og saka er avslutta frå rådmannen si side. Kontrollutvalet ser derfor ingen grunn til gå noko vidare med denne saka. Dette vedtaket skal sendast ut til avsendar av brevet.

I høve til brev og epostar frå Harald Sjursen, så har kontrollutvalet ingen merknader ut over tidlegare vedtak og sekretariatet sin epost til Harald Sjursen av 30.08.2017. Dette vedtaket skal sendast ut til Harald Sjursen.

I høve til orienteringane frå rådmann og ordførar om forvaltningsrevisjonsrapporten av 27.01.2017, så ber kontrollutvalet om ei ny orientering om dette frå ordførar og rådmann i første møte i 2018.

Kontrollutvalet skal i neste møte ha ein gjennomgang av kommunen sine rutinar for varsling.

Utkast til presentasjon for kommunestyret 26. oktober 2017 vart gjennomgått i møte og justert på nokre punkt.

Samrøystes.

## Møtebok kontrollutvalet i Aurland Kommune

### Sak 16/2017 Framlegg til budsjett for kontrollutvalet for 2018

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	20.09.2017	16/2017

#### Framlegg til vedtak:

Sekretariatet gir følgjande framlegg om budsjett 2018 for kontrollutvalet i Aurland kommune:

Område	2018
Kontrollutvalet	65 300
Sekretariatet	172 000
Finansiell revisjon	200 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	200 000
Kjøp av selskapskontroll	60 000
<b>TOTALT</b>	<b>697 300</b>

Budsjettet vert å sende administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett.

## 20.09.2017 KONTROLLUTVALET

### SAK-16/17 VEDTAK:

Kontrollutvalet fremjar følgjande budsjett for 2018 for kontrollutvalet i Aurland kommune:

Område	2018
Kontrollutvalet	65 300
Sekretariatet	172 000
Finansiell revisjon	200 000
Kjøp av forvaltningsrevisjon	200 000
Kjøp av selskapskontroll	60 000
<b>TOTALT</b>	<b>697 300</b>

Budsjettet vert å sende administrasjonen for innarbeiding i kommunen sitt budsjett.

Samrøystes.

## Kontrollutvalet i Aurland kommune

### Sak 18/2017 Drøftingssaker, skriv og meldingar

<b>Sakshandsamar</b> Harald Mo	<b>Møtedato</b> 15.11.2017	<b>Saknr</b> 18/2017
-----------------------------------	-------------------------------	-------------------------

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet tek orienteringar, skriv og meldingar til vitande.

#### SAK/VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	26.10.2017	Rådmannen	Tertialrapport 2. tertial 2017.
2	10.08.2017	Aurland kommune	Kontrollutvalet som muleg varslingsinstans.  Aurland kommune systemhandbok HMS, kapittel 12 Varsling om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen
3	26.10.2017	Aurland kommune, kommunestyret	Vedtak avtale sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet
4	26.10.2017	Aurland kommune, kommunestyret	Nytt finansreglement for Aurland kommune
5-9	25.10.2017 24.10.2017 07.10.2017 03.10.2017 30.09.2017	Harald Sjursen	Epostar til kontrollutvalet. Det er fleire vedlegg til epost av 25.10.2017. Epostane blir framlagt i møte.

#### Orienteringar:

1. Rådmannen orienterer om tertialrapport 2. tertial 2017
2. Revisor orienterer om status i revisjonsarbeidet med revisjon av 2017 rekneskapen

#### Drøftingssaker





## AURLAND KOMMUNE

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
070/17	Formannskapet	19.10.2017
074/17	Kommunestyret	26.10.2017

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
17/38 - 17/7487	K1 - 210	Reidar Johnsen 57 63 29 40	12.10.2017

## Tertialrapport 2. tertial 2017

## Tilråding frå rådmann:

Tertialrapporten blir teken til etterretning.

Det blir gjort følgjande budsjettendringar som følgje av prognosen:

Rentekostnader	Redusert kostnad	- 500.000
Avdragskostnader	Auka kostnad	700.000
Flåm barnehage	Redusert kostnad	- 500.000
Sentraladministrasjon	Auka kostnad	300.000

## Bakgrunn

Økonomireglementet og finansreglementet seier at det skal leggjast fram tertialrapportar for kommunestyret gjennom året.

**19.10.2017 Formannskapet**

Røysting

Tilråding frå rådmann: samrøystes

**FS-070/17 Vedtak:**

Tertialrapporten blir teken til etterretning.

Det blir gjort følgjande budsjettendringar som følgje av prognosen:

Rentekostnader	Redusert kostnad	- 500.000
Avdragskostnader	Auka kostnad	700.000
Flåm barnehage	Redusert kostnad	- 500.000
Sentraladministrasjon	Auka kostnad	300.000
Samrøystes		

**26.10.2017 Kommunestyret**

Tilleggsforslag:

Tilleggsframlegg frå Noralv Distad:

Kommunestyre ber om å få sak om gjennomføring av kommunale planar til neste møte.

Tilleggsframlegg frå Noralv Distad.

**Røysting**

Framlegg frå formannskapet: samrøystes

Tilleggsframlegg frå Noralv Distad: samrøystes

**KS-074/17 Vedtak:**

Tertialrapporten blir teken til etterretning.

Det blir gjort følgjande budsjettendringar som følgje av prognosen:

Rentekostnader	Redusert kostnad	- 500.000
Avdragskostnader	Auka kostnad	700.000
Flåm barnehage	Redusert kostnad	- 500.000
Sentraladministrasjon	Auka kostnad	300.000

Kommunestyre ber om å få sak om gjennomføring av kommunale planar til neste møte.

Samrøystes


**Vedlegg:**

Tertialrapport 2. tertial 2017 - endeleg



AURLAND  
KOMMUNE

Tertialrapport  
2. tertial 2017



## Innhold

Innleiing.....	3
Driftsoversikt.....	4
Finanskapitalen.....	5
Finansforvaltning.....	6
Samfunn .....	8
Overordna planar .....	8
Næring og eigarskap.....	9
Beredskap.....	11
Natur og miljø (klima).....	12
Medarbeidarar og organisasjon .....	13
Struktur.....	14
Investeringsprosjekt (kun oversikt - eigen statusrapport).....	16
Tenestene, dei administrative avdelingane og det kommunale føretaket sine rapportar .....	17
Rådmann og nøytrale inntekter .....	17
Kultur .....	18
ABU .....	19
Flåm barnehage.....	20
Vangen barnehage .....	21
Flåm skule.....	22
Helse og førebyggjing .....	23
NAV .....	24
Aurland og Lærdal barnevern.....	25
Pleie og omsorg .....	26
Teknisk.....	27
Aurland Hamnevesen KF .....	28

## **Innleiing**

Kvar tertial rapporterer rådmannen til kommunestyret. I hovudtrekk inneheld rapporten ei skildring av økonomisk status som skal vere grunnlaget for eventuelle justeringar i løpet av drifts- og rekneskapsåret. Det er Aurland kommune sine eigne retningsliner som er førande for rapporteringa, med vekt på avvik i resultat og ressursbruk frå kva som er vedtatt i årsbudsjett. I rapport frå 2. tertial 2017 vert rapporten endra slik at det som er vedtatt i kommunen sin handlingsplanar og økonomiplanar. I tillegg skal det utarbeidast ein oversikt over vedtaksoppfølging.

### **Pressa økonomi, lite reservar og svært høg aktivitet**

I samband med budsjetthandsaminga hausten 2016 vart det klart at kommunen ville få reduserte inntekter på om lag 12. mill. kroner. Dette skuldast eine og åleine reduksjon i eigedomsskatten frå kraftverka i kommunen. Stor inntektssvikt vart ikkje møtt med tilsvarende reduksjonar i drifta, og om lag 9 mill. kroner i forventa utbyte vart tilført driftsbudsjettet for 2017. Dette må endrast i budsjettet for 2018 og økonomiplanen for 2018 – 2021. I tillegg til dette er aktiviteten i kommuneorganisasjonen «all time high» med svært stort investeringsbudsjett og store krav til planarbeidet. I ein slik situasjon kommunen er i aukar risikoen for å gjere feil, og det er naudsynt å redusere aktiviteten og forventingane framover.

Rekneskapsmessig balanse er rådmannen sin overordna mål for 2017.

Rådmannen tilrår små budsjettjusteringar mellom rammeområder med overforbruk/mindreforbruk i 2. tertial. Tiltak på dei enkelte områda vil bli gjennomført for å redusere avvik.

### **Vedtaksoppfølging**

Rådmannen er i ferd med å systematisere vedtaksoppfølging for å kunne legge fram gode rapportar over gjennomføring av vedtak til kommunestyret. Oppgradering av Acos (sakshandsamarsystemet) i november vil lette arbeidet med rapporten.

### **Investeringsprosjekter**

Investeringsbudsjettet er på heile 86 mill. kroner for inneverande år. Det skal rapporterast til alle kommunestyremøta i 2017 om status. Oppfølging av investeringane etter flaumen i 2014 er grunngevinga for dette. Det har vist seg å vere tidkrevjande og lite effektivt, men gir samstundes kommunestyret hyppigare oversikt. Rådmannen tilrår å innarbeide investeringsrapportane i dei framtidige tertialrapportane. På den måten blir det lagt fram ein felles rapport der samanhangen mellom investeringar, finansiering og drift kjem tydeleg fram.

## Driftsoversikt

	Vedteke		
	budsjett 2017	Prognose	Avvik
Skatt på inntekt og formue	78 200 000	78 200 000	-
Rammetilskot	40 000 000	39 900 000	-100 000
Eigedomsskatt	42 600 000	42 600 000	-
Konsesjonsavgift	15 300 000	15 300 000	-
Flyktningetilskot	2 631 000	2 631 000	-
Andre statlege overføringar	1 200 000	1 200 000	-
<b>SUM FRIE INNTEKTER</b>	<b>179 931 000</b>	<b>179 831 000</b>	<b>-100 000</b>
Renteinntekter	1 019 000	1 019 000	-
Utbyte	9 000 000	9 000 000	-
Renteutgifter lån	-2 700 000	-2 200 000	500 000
<b>Netto renteutgifter/-inntekter</b>	<b>7 319 000</b>	<b>7 819 000</b>	<b>500 000</b>
Mottekne avdrag på lån	1 000 000	1 000 000	-
Avdragsutgifter lån	-6 900 000	-7 600 000	-700 000
<b>Netto avdragsutgifter</b>	<b>-5 900 000</b>	<b>-6 600 000</b>	<b>-700 000</b>
<b>NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER</b>	<b>1 419 000</b>	<b>1 219 000</b>	<b>-200 000</b>
<b><u>TIL FORDELING</u></b>	<b><u>181 350 000</u></b>	<b><u>181 050 000</u></b>	<b><u>-300 000</u></b>
Til driftsrammer:			
Politisk leing	3 007 000	3 007 000	-
Sentraladministrasjon	8 959 000	10 059 000	1 100 000
Kultur	4 883 000	4 883 000	-
Aurland barne og ungdomsskule	19 839 000	19 839 000	-
Flåm barnehage	4 494 000	3 644 000	-850 000
Vangen barnehage	5 468 000	5 468 000	-
Flåm skule	6 584 000	6 884 000	300 000
Helse og førebyggjande	11 686 000	12 086 000	400 000
NAV Aurland	2 448 000	2 448 000	-
Barnevern	3 050 000	3 140 000	90 000
Pleie og omsorg	58 322 000	58 322 000	-
Kommunal driftseining	24 583 000	25 783 000	1 200 000
Nøytrale inntekter / utgifter	11 218 000	11 200 000	-18 000
Sal av konsesjonskraft	-4 000 000	-4 000 000	-
Lønsoppgjer (blir fordelt)	39 100	39 100	-
<b><u>Sum driftseiningane</u></b>	<b><u>160 580 100</u></b>	<b><u>162 802 100</u></b>	<b><u>2 222 000</u></b>
Disposisjonar:			
Avsetning til disposisjonsfondet	-3 512 900	-3 512 900	-
Bruk av mindreforbruk 2016	1 834 000	1 834 000	-
Avsetning til konsesjonsavgiftsfondet	-16 300 000	-16 300 000	-
Avsetning til flyktningfond	-2 631 000	-2 631 000	-
Overføring til investering (driftsoverskot)	-160 000	-160 000	-
<b>Netto disposisjoner</b>	<b>-20 769 900</b>	<b>-20 769 900</b>	<b>-</b>
<b>Balanse (underskot)</b>	<b>-</b>	<b>-2 522 000</b>	<b>-2 522 000</b>

Prognosen viser at ein vil kome ut med eit driftsunderskot på ca kr 2,5 millionar. Hovudgrunnen til dette ligg på teknisk med ca 1,2 millionar i overforbruk og sentraladministrasjon med ca 1 million i overforbruk. Rådmannen viser til kommentarar frå einingane.

## Finanskapitalen


Finanskapitalen synleggjer kommunen sin evne til å forvalte dei økonomiske ressursane på ein slik måte at dei politiske vedtekte mål for den kommunale tenesteytinga og utviklinga av lokalsamfunnet kan verkleggjerast. Kapitalen blir målt ved årsresultat, storleiken på disposisjonsfond og likviditet. Kommunen sin langsiktige gjeld (gjeldsgrad) er og ein viktig måleindikator.

### Driftsrekneskapen

Kolonne for vedteke budsjett 2017 er kommunestyret sitt opphavelig vedteke budsjett justert for budsjettendringar som kommunestyret eller formannskapet har gjort i løpet av året.

Budsjettoversikt pr. 31.08.2017 viser årsbudsjett og forventa (prognose) forbruk og inntekter.

### Skatteinngang



Skatteinngang på personskatt pr september viser at kommunen ligg ca 2 millionar over det som var kome inn på same tidspunkt i 2016. Samla inngang i 2016 var 77,2 millionar, slik at dersom ein får same inngangen resten av året som i fjor vil kommunen ende opp med 79,2 millionar. Det er brukt KS sine prognosar i oppsettet som altså viser 78,2 millionar i forventa inntekt. November er ein relativ stor skatteinntektsmånad, men inneheld ulike avrekningar (naturressursskatt) opp mot innbetalingane så langt. Det betyr at skatteinngangen framleis er usikker.

## Finansforvaltning

Aurland kommune har ikkje noko finansiell plassering av midlar bortsett frå ordinære bankinnskot.

Balansesamansetning i rekneskapen pr 31. august 2017:

<b>Eigedelar og gjeld</b>	<b>Pr 31.8.2017</b>	<b>Pr 31.8.2016</b>
Faste eigedomar og anlegg	400 139 844	376 210 438
Utstyr, maskiner og køyretøy	21 929 770	19 747 318
Utlån	15 532 271	13 388 908
Aksjar og andeler	45 000 697	44 255 967
Pensjonsmidlar	270 232 328	264 070 711
<b>Sum anleggsmidlar</b>	<b>752 834 910</b>	<b>717 673 342</b>
Kortsiktige fordringar	16 899 385	5 738 364
Premieavvik	17 041 369	16 334 151
Kundefordringar	2 884 751	3 383 813
Kasse, bank	23 434 457	73 429 417
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>60 259 962</b>	<b>98 885 745</b>
<b>Sum eigedelar</b>	<b>813 094 872</b>	<b>816 559 087</b>
<b>Passiva (gjeld)</b>		
Pensjonsforpliktingar	336 919 407	327 813 352
Lån (langsiktig)	121 495 974	118 178 518
Kortsiktig gjeld	26 199 839	30 707 810
<b>Sum gjeld</b>	<b>484 615 220</b>	<b>476 699 680</b>

### Kommentarar til aktiva:

Årets investeringar på eigedomar og utstyr er ikkje med – blir lagt inn ved årets slutt.

Aksjar og eigedeler – Aurland Ressursutvikling står med verdi på kostpris lik 20,5 mill og Aurland Energiverk ligg inne med verdi på 16,5 mill. Marknadsverdien på desse akskjepostane vil vere langt høgare.

Auke i kortsiktige fordringar skuldast endra periodisering på tilskot for ressurskrevande brukarar.

Reduksjon i bankinnskot skuldast bruk av skjønsmidlar i samband med flaumen i Flåm i 2014.

Premieavvik – dette er betalte premiar til KLP og SPK som ikkje er utgiftsførte enno, difor står dei som aktiva i rekneskapen. Summen må kostnadsførast i løpet av dei komande åra.

### Kommentarar til passiva:

Pensjonsforpliktingar må sjåast i samanheng med pensjonsmidlar på aktivsida. Dette er forpliktingar i samband med framtidige utbetalingar.



Lån – mesteparten av låna ligg pr no med flytande rente som for tida ligg på rundt 1,8 %.

Lånenr	31.12.2016	Avdrag 2017	31.12.2017	Renter 2017	Låneform	Rentesats
24519371 KOMMUNALBANKEN II	7 854 000	374 000	-	66 759	Flytande	1,80 %
24519372 KOMMUNALBANKEN	23 040 000	1 920 000	21 120 000	375 360	Flytande	1,80 %
24519373 KOMMUNEKREDITT	10 082 498	1 061 316	9 021 182	162 381	Flytande	1,80 %
24519374 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20080412	4 500 000	375 000	-	38 250	Flytande	1,80 %
24519375 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20080413	4 093 060	-	-	34 791	Flytande	1,80 %
24519377 KLP KOMMUNEKREDITT LÅNNR 030 4	4 875 000	375 000	4 500 000	79 688	Flytande	1,80 %
24519378 KLP KOMMUNEKREDITT LÅNNR 030 4	4 875 000	375 000	4 500 000	79 688	Flytande	1,80 %
24519379 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20100248	9 821 250	727 500	9 093 750	346 145	Bunden rente	3,66 %
24519380 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20110174	5 901 500	203 500	-	50 163	Flytande	1,80 %
24519381 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20130561	1 530 000	45 000	-	13 005	Flytande	1,80 %
24519382 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20140012	3 500 000	100 000	-	29 750	Flytande	1,80 %
24519383 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20140565	11 040 000	480 000	10 560 000	270 000	Bunden rente	2,50 %
24519384 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20150580	6 384 000	133 000	-	146 513	Bunden rente	4,59 %
24519385 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20160505	10 947 500	437 900	10 509 600	182 385	Flytande	1,80 %
24519386 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 201701414	-	-	21 200 000	180 200	Flytande	1,80 %
24519387 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20170374	-	-	32 549 020	276 667	Flytande	1,80 %
24531003 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20030218	1 500 000	1 000 000	500 000	17 000	Flytande	1,80 %
T O T A L T	109 943 808	7 607 216	123 553 552	2 348 743		

7 lån i kommunalbanken er samanslegne til eitt lån i 2017 (lånnr 20170374). Kommunen styrer sjølv avdragsbetaling på desse låna men må betale minst det som er minimumsavdraget i følgje forskriftene.

#### Kommentarar til fond:

**Disposisjonsfondet:** Pr 31.12.16 var disposisjonsfondet på 5,7 mill. Netto avsetning i budsjettet for 2017 er på kr 1,9 mill. Teoretisk beholdning ved årets slutt vil då vere 7,6 mill. Dersom ein går i underskot i drifta for 2017 må ein bruke av dette for å dekke underskotet.

#### Konsesjonsavgiftsfondet:

Pr 31.12.16 var dette på kr 22,5 mill. Det er budsjettert med 14 mill i bruk til drift og 4,3 mill i investering. Inntekter er budsjettert med 16,3 mill (15,3 mill i konsesjonsavgift og 1 mill i innbetalte renter og avdrag på lån). Teoretisk beholdning ut frå dette vil då vere kr 20,5 mill pr 31.12.2017.

## Samfunn

### Overordna planar

Det er sett av 1 årsverk til planarbeid i kommunen.

Om lag 60 % av stillinga vert brukt til følgjande oppgåver:

- sakshandsaming av private reguleringsplanar
- sekretær for plan og utvikling
- saksførebuing av saker til Formannskapet, PUT og kommuneplannemnda
- intern og ekstern dialog, tenesteyting og service til publikum og offentlege instansar
- sakshandsaming av overordna og regionale planar frå andre offentlege instansar
- kommunen sitt kontaktpunkt for mellom anna verdsarv og verneområde,
- digitalt planregister, planregisteret er ikkje heilt oppdatert, eit fråvik frå krav i forskrift

Om lag 40 % av stillinga er disponibel til kommunen si eiga planlegging. Det er mange planar under arbeid og ei utfordring å få framdrift i planarbeidet.

Nedanfor følgjer eit oversyn over status i kommunen si planlegging.

Politiske bestillingar - kommunale planar under arbeid:

- KS-sak 129/16 (planstrategi) – kommuneplanen sin handlingsdel–vedtak om oppstart i mai.
- KS-sak 129/16 (planstrategi) – Bustadpolitisk handlingsplan – adm. deltek i regional nettverksgruppe.
- KS-sak 129/16 (planstrategi) – Reguleringsplan for Undredal – planen har vore ute til offentlig ettersyn. PUT har hatt ein gjennomgang av mottekne fråsegner og det er gjort vedtak om endringar som må arbeidast med i samband med vidare handsaming.
- KS-sak 129/16 (planstrategi) – Ny tilkomst til Ty – det vert jobba med grunnlag for reguleringsplan.
- KS-sak 129/16 (planstrategi) – Områdeplan for Flåm – Planprogram har vore på høyring, det er motteke 16 høyringsfråsegner. Det er utarbeidd eit teknisk notat om korleis flodbølga vil råke Flåm. Det vert teke ein gjennomgang av motteken føresegner og laga eit forslag til justert planprogram.
- KS-sak 027/17 – Skulebrui – konsulent er engasjert for å utarbeide reguleringsplan. Arbeidet med reguleringsendring vert koordinert med arbeidet med val av bruløysing for å utarbeide ein plan som tener formålet.

Politiske bestillingar - kommunale planar stilt i bero eller som ikkje er sett i gang:

- KPLN 06/16 – rullering av samfunnsdel – vedtak om oppstart i kommuneplannemnda i april 2016. Arbeid med planprogram vart påbegynt i vår, men er ikkje arbeidd vidare med.
- KS-sak 129/16 (planstrategi) – Rullering av arealdel– arbeidet er ikkje påbegynt, må sjåast i samanheng med rullering av samfunnsdelen

- KS-sak 10/17 - Lokalisering av ny barnehage: Følge opp kommunestyret sitt vedtak 18. mai om utarbeiding av reguleringsplan for området mellom SJH og ABU. Det har ikkje vore kapasitet til oppfølging av arbeidet 2. kvartal.
- KS-sak 129/16 (planstrategi) – Steingjerde bustadareal Flåm – det er meldt om oppstart av planarbeid. Konsulent er engasjert for arbeid med reguleringsplanen.
- KS-sak 129/16 (planstrategi) – kartlegging av friluftsområde – det er gjort vedtak om at kartleggingsarbeidet skal gjennomførast. Arbeidet har ikkje kome i gang
- KS-sak 129/16 (planstrategi) – Reguleringsplan for Terahagen – arbeidet med reguleringsplan er ikkje starta opp.
- KS-sak 129/16 (planstrategi) – Sentrumsutvikling Aurlandsvangen – bidrar i arbeidet med symposium på Aurlandsvangen. Vidare oppfølging med planarbeid er ikkje mulig pga kapasitet.
- KS-sak 129/16 (planstrategi) – KDP for klima og energi – jf. planstrategien skal arbeidet start i 2017. Arbeidet med revisjon av planen er ikkje starta i 2. kvartal
- KS-sak 129/16 (planstrategi) - KDP for veg og trafikktryggleik - jf. planstrategien skal arbeidet start i 2017. Arbeidet med revisjon av planen er ikkje starta i 2. kvartal

## Næring og eigarskap

- KS-sak 022/17 Visjon Vangen  
Arbeidsgruppa for Visjon Vangen har hatt fire møte og er leia av Aurland Sparebank ved dagleg leiar. Aurland kommune stiller med sekretær (næringssjefen). Hovudfokuset til arbeidsgruppa er retta mot utvikling av sjøfronten. Behov for areal, trafikkområde, parkering og anna infrastruktur blir vurdert i samband med kva som no vil utvikle seg på sjøfronten samt aktuelle nye attraksjonar, då dette vil ha stor innverknad på øvrige område på Vangen. Her vil kommunen ha ei viktig og sentral rolle. Arbeidsgruppa vil presentere sitt arbeid så langt seinare i haust. Aurland kommune har også innleia samarbeid med fylkeskommunen om tettstadutvikling. Det er planlagt eit symposium om tettstadutvikling på Aurlandsvangen 26. oktober
- KS-sak 026/17 Torghandel i Aurland kommune  
Området i Flåm har blitt oppgradert for å få betre plass, betra funksjonalitet og innretning på oppstillinga av torghandlarane. Administreringa av torghandel har krevd mykje tid for å finne ei god innretning på handsaming av søknader og for tildeling av løyve. Søknader om faste plassar blir handsama av næringssjef, og løyve for dags/vekebasis vert handsama på kommunetorget. Kommunestyret blei i saka gjort kjend med problemstillingane knytt til torghandel, spesielt i Flåm. Etter sesongen vil det bli gjort ei ny evaluering av torghandelen. Rådmannen vil på dette grunnlag kome ny sak om torghandel og nye vedtekter til politisk handsaming i løpet av hausten 2017.  
Nettoinntektene pr. 30. august er om lag 580 000 NOK. Beløpet er inkludert investeringar og drift nær 200 000 (unntatt adm kostn 50-100 000). Nettoinntekt for 2016 var vel 400 000 kr.
- KS-sak 029/17 Eigarskapsmelding - Aurland kommune 2017  
Siste tertial oppfølging av framtidig eigarskap i ARU jfr eigarskapsmeldinga.
- KS-sak 128/16 og FS-8/17 Aurland Parkering – Rådmannen utarbeider sak til politisk handsaming i november 2017.

- Handlingsplan næring (HP-næring)

#### Transport og kommunikasjonar

Det er gjennomført dialogmøte med transportaktørane. Optimalisering av miljøaspektet er knytt til arbeid i samband med satsingsområde bærekraft.

#### Bærekraft

Det har blitt arbeida med etablering av forprosjekt Energi- og Miljøsats Aurland 2017-2018 (EMSA-prosjektet). Det er gitt tilsagn om midlar frå Miljødirektoratet til forprosjektet på delprosjekt bioenergi. Dette delprosjektet er fullfinansiert. Den legg til grunn oppstart seinast haust 2017. Prosjektleiartstilling er utlyst. Prosjektstillinga er i hovudsak finansiert, men enkelte element i arbeidspakkane på kjøp av eksterne tenestar manglar finansiering. Prosjektet er omfattande, og det vil vera truleg at ein må ta ned innsatsen på enkelte av arbeidspakkane for i det heile å kome i mål. Dette inneberer at prosjektet kan startast opp no, og at ein i det vidare løp må ta stilling til fylgjande: Auke finansieringa, redusera innsats i enkelte av arbeidspakkane og kjøp av eksterne tenestar på delprosjekt hydrogen og/eller redusera på delprosjekt konseptutvikling. To av bidragsytarane har uttrykt at det vil kunne vera aktuelt å koma med meir bidrag til prosjektet dersom det ligg til rette for det.

#### Attraksjonar og informasjon

Det er fleire prioriteringar på dette satsingsområdet. Vandring blir følgt opp i samarbeid med Verdsarvparken og Visit Sognefjord. Visit Sognefjord får tilskot frå kommunen gjennom medlemsavtalen. Det er bedt om oppdatering frå Visit Sognefjord på besøk og gjestesegment mv. for turistinformasjonane i Flåm og Aurlandsvengen.

#### Næringsareal

Det er lite tilgjengelege kontor i kommunen. I samband med stenging/oppgradering av Heradshuset har det vore krevjande å finne nye lokalitetar for leigetakarane. Dette har ordna seg på kort sikt med kommunale og private løysingar. På lengre sikt vil ikkje dette vera tilstrekkeleg for å møte arbeidsplassveksten. Arbeidet med utvikling av Aurlandsvengen er ei av fleire tilnærmingar for å koma etterspurnaden i møte.

#### Sal av næringbygg/areal i Vassbygdi

Arealet er no slege saman til eit gards- og bruksnummer.

Arbeid som står att før sal kan gjennomførast er forhandling med eigar av hall på kommunal tomt. Deretter skal delingssøknad utarbeidast og areal oppmålast. Sal er forventa gjennomført i starten av 2018.

#### Knoppskyting og dialog

Det har vore ynskje frå lokalt næringsliv å få etablert eit eige talerøyr for næringslivet. Det var ultimo 2016 og fram på nyåret 2017 ein dialog mellom kommunen og lokalt næringsliv primært på Aurlandsvengen om å vitalisera dette arbeidet. Utfordringa synest å vera knytt til at dei fleste næringsdrivande er svært travle, og at det å måtte ta på seg fleire verv vil verta utfordrande. Det blir vurdert korleis ein for framtida kan sikre gode samarbeidsformer.

Det var i mars planlagt gjennomføring av «Aurlandsmessa». Dette arrangementet var eit samarbeid mellom Aurland Sparebank og kommunen. Messa blei ikkje gjennomført grunna sviktande påmelding frå lokalt næringsliv. Aurlandsmarknaden har sett at delar av dette initiativet kunne nyttast i samband med deira arrangement, og verksemder i Aurland blei inviterte til stand i samband med dette.

#### Konsesjonsavgiftsfondet

Tilskot til verksemder, prosjekt og arrangement blir omtalt i eiga sak til fondsstyret for konsesjonsavgiftsfondet, sist januar 2017.

#### Interkommunalt samarbeid

Næringsnettverket i Sogn har hatt to møte siste halvår. Det har vore fokusert på å finne ein god modell for utvikling av regionalt samarbeid som kan bidra til å styrka næringsutviklarrolla og næringsarbeidet slik at det gir vekst og utvikling i næringslivet.

## Beredskap

- Kommunen er i gang med revisjon av overordna ROS som skal vere ferdig i 2018. Samarbeid mellom beredskapsmedarbeidar i kommunen og Brann/redning, samt politi er starta.
- FoU forprosjekt RFF-VEST 2015 til nov 2017 (varsling og instrumentering)  
Prosjekt har eit budsjett på 3 mill. kr. og vert avslutta hausten 2017. Prosjektet er inne i slutfasen og rapport blir levert november 2017.
- Eit nytt hovudprosjekt er planlagd og det blir søkt om midlar frå forskingsrådet til å gjere greie for modellutvikling av varslingsystem for flaum og skred samarbeidspartnarar er StormGeo AS, Multiconsult AS og NGI. Søknad tidleg i 2018. Kommunen må i så fall stille med timesatsar som eigenkapital. Prosjekta vil gje brukarar og kommune verktøy for tidleg varsling og overvaking av naturhendingar og klima i blant anna Flåmsdalen.
- Flaumdemping i Flåmsvassdraget. Heimelsgrunnlag i formannskap/kommunestyre:  
KS-082/14 VEDTAK:  
Aurland kommune ser det som svært viktig å gjennomføra tiltak som hindrar flaumkatastrofar i framtida. Flaumen i Flåm i oktober gjorde enorm skade på hus, landbrukseigedomar og offentlege infrastruktur. Tiltak som hindrar flaumskade vil ha stor samfunnsnytte.  
Aurland kommune ber om at det vert opna for konsesjonshandsaming av flaumdempingstiltak med overføring av flaumvatn til Viddalsmagasinet.  
Aurland kommune oppmodar E-CO Energi AS om å leggja saka fram for vassdragsstyremaktene.

Det har vore jobba systematisk frå 2014 fram til juni 2017 for å følgje opp vedtak i kommunestyre. Aurland kommune har søkt OED om å opne for konsesjonshandsaming slik at ein kan få konsekvensutgreidd eit flaumdempingstiltak i Flåmsvassdraget. Kostnader med prosjektet er belasta revisjon av kraftverk av di dette prosjektet får innverknad på Kjosfossen

regulering og om mogleg vilkårsrevisjon av Aurlandsreguleringa. Det vert lagd ned mykje arbeid i denne saka. Avgjerd hausten 2017 i OED og om mogleg via ein St.prp til Stortinget. Saka ligg til handsaming i OED Tiltaka vil i høve fagmiljø ha betydeleg innverknad på komande flaumar i vassdraget. Om ikkje det vert opna for konsesjon vil ein måtte arbeide med tidleg varsling som einaste alternativ.

- Skred, sikringstiltak og klimautfordringar knyta til naturhendingar.  
Det har vore gjennomført skredvurdering og omlegging av sti i Aurlandsdalen 2017. Årlege flaum og steinskred stenger stien kvart år. Det er innleia dialog med Nærøyfjorden Verdsarvpark om avklaring av ansvar og roller ved skred.

## Natur og miljø (klima)

- Vassdirektivet fyrste planfase 2016 til 2021  
Prosjekt oppfølging av Vassrammedirektivet og utarbeiding av tiltaksanalyse starta i 2010. kommunestyret i Aurland vedtok prosjektplan og budsjett 20.10.2011 KS 075/11. Aurland har levert komplett tiltaksanalyse, høringsfråsegn til ulike overordna planar og fortset arbeidet med vassforvaltningsplan med ulike tiltak som er vedteke av regjeringa. Hausten 2017 vert det sett i verk nye målingar av kvalitet i vassdraga i kommunen saman med Lærdal kommune. Arbeidet med å beskytte samt betre vasstilhøva i alle vassdraga fortset fram til 2021.  
Arbeidet med Vassdirektivet er lovpålagd og tiltaka er heimla i vassforvaltningsplanar. Aurland har etablert eit samarbeid med landbrukskontoret for ÅLA, SIMAS AS og administrasjon i Lærdal kommune.  
Det er oppnådd gode resultat og kommunen vel å fortsete overvakingsprogrammet samt mindre tiltak mht avrenning frå landbruk og private avløp VA.
- Revisjon av Aurlandsreguleringa  
Arbeidet med revisjon av Aurlandsreguleringa starta i 2009 i samband med nye O/U prosjekt hjå e-co energi AS. I 2012 godkjende formannskapet ein strategi for korleis kommunen skulle handtere utviklingsprosjekt og framtidige vilkårsrevisjonar. I 2017 vedtok kommunestyre ein anna strategi ved å godkjenne vilkårsrevisjon i høve brev frå NVE.  
E-co Energi har svara NVE på dei ulike krav som er fremja om kva som bør prioriterast i framtidig vilkårsrevisjon. Kommunen har fått utarbeid 7 punkt som kan nyttast som utgangspunkt for betringar i noverande konsesjon og vidare arbeid vil følgje fram til etter 2019.

## Medarbeidarar og organisasjon

- Nærvær, sjukefråvær - KS sine statistikkar syner at Aurland kommune har det lågaste sjukefråværet i landet frå andre kvartal 2016 til første kvartal 2017. Det har vore gjennomført ROS-kurs. Temadag for leiarar og verneombod. Samarbeid med bedriftshelsetenesta om utarbeiding og oppfølging av HMS-plan. Bruk av HMS-fondet er ikkje prioritert for 2017.
- Arbeidsgjevaretpolitik - auka fokus på strategisk HR og system innanfor personalområdet. Framleis fokus på leiing, leiarstruktur og leiarutvikling for tenesteleiarane.
- Medarbeidarundersøking – det vart gjennomført MU hausten 2015 og 2016. Tilrådd å utsette ny MU til hausten 2018. Planlagt tilsettedag 27.10.17. Eit av tema som rådmann tek opp er tilbakemeldingane som leinga har fått gjennom MU.
- Kompetanseutvikling - leiarutviklingsprogram, vidareutdanning av lærarar, motiverande intervju, temadag om barnevern for tilsette innan oppvekst, tilsettearrangement, prosjekt kvardagsrehabilitering og vidareutdanning i akuttmedisin er prioritert bruk av fondet i 2017. I tillegg blir det gjennomført kompetansehevingstiltak på einingane innanfor vedtekne driftsrammer.
- Brukarundersøkingar - det er gjennomført brukarundersøking for barnevernstenesta.
- Leiarplattform – det vart i 2016 utarbeidd ei leiarplattform for kommunen. Denne må kontinuerleg tilpassast organisasjonen og følgjast opp med oppdateringar i det administrative delegasjonsreglementet.
- Sørviserklæringar – til handsaming politisk i oktobermøta.
- Organisasjons-, kompetanse og bemanningsplan – første del for administrativ leiing, stabs- og støttefunksjonar er utarbeidd.
- Gjennomgang av kjøp frå privat/ konsulenttenester – rådmannen har vore med i forhandlingar/gjennomgang av kontraktar med leverandørar av omsorgstenester. Anna konsulentbruk er eit resultat av svært høg aktivitet elles. Skal kommunen få ned kjøp av juridisk rådgjeving, økonomisk rådgjeving, spesialfagleg rådgjeving, prosjektering og byggeleiing, må aktiviteten ned.

## Struktur

- Mål- og resultatstyring – fokus på årshjul og koplinga mellom dei ulike styringsdokumenta og rapportering til folkevalde. Frå andre tertial 2017 blir det nytta ny mal for tertialrapportane.
- Kvalitetsutvikling/internkontroll – fokus på årshjul og koplinga mellom medarbeidarundersøking (MU), brukarundersøkingar (BU), KOSTRA-tall og andre objektive kvalitetsindikatorar som gjeld for eit tenesteområde. Systematisk arbeid med MU frå 2015 og systematisk arbeid med BU frå 2018.
- Informasjonsteknologi (IKT)

Status breiband Aurland 2017:

På investeringsbudsjettet for 2017 var det sett av midlar til breiband for Dalen, Øvre Flåmsdalen og Bakka. Dalen går som planlagt og vert ferdige innan 31. desember 2017. Flåmsdalen vert bygd ut opp til og med Ølpa med Håreina, Indrelid og Ryo. Ferdig innan april 2018. Her har me også fått statlege midlar.

Når det gjeld Bakka er det i realiteten bare Telenor som er aktuelle sidan dei har fiber ut dit. Det har ikkje lukkast å få svar frå Telenor, sjølv med mange oppfordringar både frå kommune og innbyggjar i Bakka.

Dekning og status for næring og bustader:

### Fiber

Aurlandsvngen med Fiskhamar, Bedl og Åtnes:

Det er bygd ut eller blir bygd ut FTH i heile området. Ferdig årsskiftet 2017/2018.

Strekninga Aurlandsvngen – Vassbygdi:

Det er bygd ut eller blir bygd ut FTH i heile området. Ferdig årsskiftet 2017/2018.

Flåm:

Det er FTH eller blir bygd ut FTH i området frå fjorden og opp til Ølpa med Håreina, Indrelid og Ryo. Ferdig mars 2018.

Vatnahalsen/Reinunga:

Fiber og radio (ferdig)

Undredal:

Det er bygd ut FTH frå Langhuso og ned til Undredal.

### Anna breiband

Dei aller fleste i kommunen har tilbod om ADSL. Her er det at jo lenger vekk ein er frå sentralen jo dårlegare vert ADSL-sambandet. I tillegg har me mobilt breiband, 3G, 4G og Edge. Varierende kvalitet og hastigheit rundt om.



Flåm:

Har ADSL oppover Flåmsdalen. Sentralen er plassert ved Fretheimshaugane så det er relativt dårleg oppover Flåmsdalen.

Gudvangen/Bakka:

Har ADSL. Oppover i Gudvangen mot Voss er det svært dårlege linjer.

Bakka har ein felles koparkabel til internett, fasttelefon og mobil. Den går i fjorden og er svært utsett for ras.

Strekninga Åtnes – Flåm :

Har ADSL.

Fiskhammar og ut mot Skjerdal:

Har ADSL

Dyrdal:

Har mobilnett. Tilgang til satellitt.

#### Områder utan NGA

Område	Bustader	Næring
Bakka/Tufto	9	2
Bjørge/Turlid	ca. 10	2
Åtnes - Flåm	ca. 20	1
Gudvangen - grense Voss	ca. 20	10
Volda/Skjerdal	ca. 10	2
Øvre Flåmsdalen	Ca. 12	5

#### Prioritering og arbeid 2018 - 2020

Aurland kommune har som mål å få alle område opp på NGA-aksess (Next Generation Access, andre generasjons breiband). Dette er vedteke i Strategi for breiband i Aurland kommune, Næringsutvalet, sak 003/16.

Dette er i midlertidig avhengig av naudsynte investeringsmidlar.

Eit bidrag for å få til dette er å søkje på offentleg tilskot til utbygging på dei områda det er mogleg å få midlar. Når midlar for 2018 vert lyst ut vil Aurland kommune gå gjennom tildelingskriteria og søkje for dei områda det er mogleg å søkje på. Dette vil skje på vårparten 2018.

Det er sett av midlar på investeringsbudsjettet for 2018-2020.

2018: Gudvangen og Øvre Flåmsdalen.

2019: Åtnes-Flåm og Volda/Skjerdal

2020: Bjørge/Turlid

For Bakka vert det å fortsette å jobbe med mot Telenor.

## Investeringsprosjekt (kun oversikt - eigen statusrapport)

INVESTERINGAR PR 10.10.2017	Regnskap	Buds(end)
	2017	2017
45005 VATN OG AVLØP ORØYANE FLÅM	230 000	-
65025 VATN OG AVLØP FLÅMSHAGANE ETTER FLAUMEN	593 000	-
65031 VATN OG AVLØP BAKKA/DYRDAL	315 301	-
75001 OPPARBEIDING FURULY - LUNDE 2017	7 927 129	15 000 000
75002 TELEMEDISIN 2017	-	200 000
75003 BYGNINGSMESSIGE TILTAK PLEIE OG OMSORG 2017	258 994	1 000 000
75004 BARNEHAGE FORPROSJEKT 2017	-	1 500 000
75005 UNIVERSELL UTFORMING VÅTROM ABU 2017	261 567	500 000
75006 REINSEANLEGG FLÅM 2017	3 850	500 000
75007 VATN OG AVLØP KLOKKARGARDEN 2017	17 764	700 000
75008 DESIFISERINGSLPLAN FOR GUDVANGEN (INFRASTRUKTUR) 2017	1 395 879	550 000
75009 HOVUDLEDNING VA NÆRINGSAREAL GUDVANGEN 2017	2 411 320	2 400 000
75010 VATN/AVLØP VIKI - FRETHEIM 2017	1 845 245	800 000
75011 SYMJBASSEING 2017	3 710 421	3 500 000
75012 TERAPIBAD 2017	-	2 000 000
75013 VEGUTVIDING ONSTAD BRU 2017	941	500 000
75014 TURVEG HEGGVIKI - BØEN 2017	-	500 000
75015 OPPRUSTING HERADSHUSET 2017	2 134 048	5 025 000
75016 TILRETTELEGGING BUSTADFELT FRETHEIMSHAUGANE 2017	237 374	5 400 000
75017 SKREDSIKRING HEGGVIKSVÅI 2017	1 429 796	1 500 000
75018 OPPARBEIDING TY 2017	-	2 700 000
75019 YTSTEBØEN BUSTADFELT 2017	2 296 344	1 750 000
75020 SMIEBAKKEN 2017	136 717	4 843 750
75021 PARKERING FLÅM OG GUDVANGEN 2017	903 136	1 000 000
75022 OPPGRADERING RYAVEGEN 2017	-	1 000 000
75023 INVESTERINGAR ETTER FLAUMEN 2017	29 089 486	20 000 000
75024 KOMMUNAL EIGENANDEL ETTER FLAUMEN 2017	433 419	1 000 000
75025 BREIBANDUTBYGGJING FLÅM 2017	1 124 326	1 000 000
75026 BUSTAD FLYKTNINGAR 2017	2 396 335	2 500 000
75027 TILRETTELEGGING TOALETANLEGG 2017	261 969	750 000
75028 UTSKIFTING GATELYS 2017	619 200	1 200 000
75029 OPPGRADERING TURSTI BREKKEFOSSEN 2017	133 203	1 000 000
75030 ENGASJEMENT PROSJEKTLEIING INVESTERINGAR 2017	109 366	600 000
75031 GARDEROBEANLEGG RUTEBILSTASJON 2017	11 721	800 000
75032 SKIFTE AV KØYRETØY/MASKINER 2017	343 442	300 000
75033 TILRETTELEGGING NÆRINGSAREAL	266 086	500 000
75034 BREIBANDUTBYGGING 2017	359 375	1 500 000
75035 IKT - INVESTERINGAR 2017	368 451	1 050 000
75036 GATEADRESSER 2017	38 915	200 000
75037 EIGENKAPITALINNSKOT KLP 2017	784 733	350 000
75038 TRAKTOR (2017)	615 625	656 250
75039 RETURPUNKT AVFALL GUDVANGEN	30 531	100 000
75040 OLJE- OG BENSINUTSKILJAR MILJØSTASJON	662 769	-
Sum pr 10.10.2017	63 757 778	86 375 000

# Tenestene, dei administrative avdelingane og det kommunale føretaket sine rapportar

Rådmann og nøytrale inntekter

Norunn Haugen

## Kjerneoppgåver:

- Rekneskap, fakturering og lønn for Aurland og Lærdal kommune
- Politisk sekretariat
- Informasjon og IKT
- Arkiv
- Private og kommunale reguleringsplanar
- Sjå elles under «samfunn» i første del av dokumentet

## Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Fagstillingane i stab har ansvar for overordna oppgåver knytt til samfunn og næring og koordinering av sektorområda. I tillegg ligg arbeid med private og kommunale reguleringsplanar. Støttefunksjonane har ansvar for fellestenester og støttetjenester til einingane.

## Viktige hendingar:

- Stortingsval 2017

## Mål/utviklingsområder:

- Gjennomføre tiltak i bemanningsplan for administrativ leining, stabs- og støttefunksjonar for å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene fastsett i budsjett 2017
- Avlevering av eldre arkivmateriale til fylkesarkivet
- Rette feil i KOSTRA-føringar på administrasjon ute på einingane.
- Revisjon av økonomireglement og finansreglement er starta opp
- Private og kommunale reguleringsplanar
- Det er 7 private reguleringsplanar i prosess, samt 7 kommunale område- og detaljreguleringsplanar i arbeid.

- Arbeidet med reguleringsplan for Terahagaen er ikkje starta opp på grunn av at det ikkje er kapasitet innan plan

## Kort resultatvurdering:

### Indikatorar/nøkkeltal:

- KOSTRA-analyse frå 2016 syner at Aurland kommune ligg høgt på utgifter til administrasjon, politisk styring og administrasjonslokale. Ein gjennomgang av KOSTRA-føringane ute på einingane syner at det blir rapportert for mykje på administrasjon.

## Økonomi/ressurs: Ansvar 110 og 900

Revidert budsjett	Budsjett pr. 31.08	Rekneskap pr. 31.08	%
8 959	5 570	6 676	119,9
11218	8444	8492	100,6

Ei periodisering av budsjettet syner at sentraladministrasjonen ligg an til eit meirforbruk på 1 million. Meirforbruket skuldast at tiltaka som blir gjennomført for å redusere utgiftene ikkje får verknad før 2018.

## Medarbeidarar:

Kortidsfråvær pr. 31.08	Langtidfråvær pr. 31.08	Sjukefråvær totalt
2,5	1,0	3,5

Sjukefråværet i sentraladministrasjonen er relativt lågt. Langtidfråværet er berre 1%. I etterkant av medarbeidarundersøkinga 2016 er det organisering av arbeidet, leining og trivsel som er prioriterte fokusområde. Det blir jobba med tiltak for å etablere ein teneleg møtstruktur som ivaretek både behovet for fagleg samordning/nettverk og behovet for personalmøte.

## Kultur

Martin Hendriks

### Kjerneoppgåver:

Kulturadministrasjon: kulturmidlar, Aurlandsprisen, Aurlandsmarsjen, Folkehelse, Fritid, Idrett, Galleri Vinjum. mm. Kulturvern, Folkebibliotek, Kulturskule, Arbeid med barn og Ungdom

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- Sti- og løypeplan i samarbeid med plan og næring. Under arbeid.
- Sørviserklæring er levert frå kulturskule, øvrige delar følger.
- Kulturminneplan i.s.m. plan- bygg og landbruk. Arbeid i rute etter planprogram.

### Viktige hendingar:

- NRK Sommartoget juni 2017
- Kulturskulen er flytta til mellombelse lokal i ABU-område, grunna rehabilitering av symjebasenget.
- Ny biblioteksjef i 20% på plass per 1. oktober.
- Grunna rehabilitering av Heradshuset er kulturadministrasjonen midlertidig plassert i biblioteklokale. Publikumsaktivitetar (diverse utstillingar Vinjum, E-co og Lokalhistorisk) er stengte.

### Mål/utviklingsområder:

- Frivilligheitsmelding
- Rullering av handlingsprogram Fysisk aktivitet og folkehelse
- Implementering av Rammeplan i kulturskulen
- Bibliotekutvikling
- Fysisk arbeidsmiljø: handlingsplan etter vernerundane

### Kort resultatvurdering:

Elevmassen i kulturskulen er stabil. Det same gjeld brukarar av fritidsklubben og biblioteket. Eksakte blir presentert i 3. tertial og i utviklingsmelding. Aurlandsmarsjen hadde låg deltaking også i år. Komiteen evaluerer i haust.

### Økonomi/ressurs:

Revidert budsjett	Budsjett pr. 31.08	Rekneskap pr. 31.08	%
4 883	3 189	3 273	102,64

Eininga ligg i rute økonomisk

### Medarbeidarar:

Kortidsfråvær pr. 31.08	Langtidfråvær pr. 31.08	Sjukefråvær totalt
0,6	1,5	2,1

Ingen langtidssjukemeldte per 31.8. Alle tilsette på eininga har gjennomført medarbeidarsamtale i april/mai 2017. Vernerunde er gjennomført.

## ABU

Ingrid Steine Bortne

### Kjerneoppgåver:

Skulen skal gi ei god og tilpassa opplæring til alle elevar gjennom undervisning, vurdering og planlegging. Skulen skal tilrettelegge for at elevane skal oppnå personleg utvikling, fagleg - og sosial kompetanse både på skule og SFO. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. «ABU skal vere ein skule for alle, med blick for den enkelte.»

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Tett samarbeid med alle etatar som arbeider med og for barn og unge, samt vaksne som treng vaksenopplæring eller norskopplæring.

### Viktige hendingar:

- Gjennomføre og følgje opp nasjonale prøvar, kartleggingsprøvar og trivselsundersøkingar hausten 2017
- Følgje opp tilsynsrapporten «Skulens arbeid med elevanes utbytte av opplæringa» frå Fylkesmannen
- Fullføre den nasjonale satsinga «Ungdomstrinn i utvikling»
- Framleis sterk satsing på norskopplæring for minoritetsspråklege vaksne og barn

### Mål/utviklingsområder:

- Oppnå gode resultat på faglege og sosiale kartleggingar i haust for barn og vaksne
- Lukke avvik i samband med tilsynet frå Fylkesmannen innan desember 2017
- Nulltoleranse mot mobbing: førebygge, informere, kartlegge, evt setje inn tiltak

- Utarbeide lokal plan for psykisk helse i oppvekst

### Kort resultatvurdering:

Skuleåret 2017/18: 145 elevar + 13 vaksne på vaksenopplæring/ norskopplæring. Kjøper tenesta norskopplæring frå SJH, Sogndal kommune og Voss kommune. Auka bruk av spesialundervisning dette året. Ein lærar tek vidareutdanning. Gode eksamensresultat og grunnskulepoeng våren 2017. Høg grad av trivsel blant elevar og tilsette.

### Økonomi/ressurs:

Revidert budsjett	Budsjett pr. 31.08	Rekneskap pr. 31.08	%
19 839	12 388	12 502	100,93

Skulen har utestående ressursar for å dekke norskopplæring for elevar i grunnskulealder, samt ressursar til vidareutdanning for ein lærar. Dette vert tilført skulen seinare i haust. Elles er budsjettet i rute.

### Medarbeidarar:

Kortidsfråvær pr. 31.08	Langtidfråvær pr. 31.08	Sjukefråvær totalt
0,5	0,6	1,1

Skulen har eit særst lågt sjukefråvær. Arbeidsmiljøet på skulen vert karakterisert som godt! Me har redusert bemanninga med 60% pedagogstilling i haust, noko som merkast på tolærarressursen vår. ABU sel nokre tenester til andre einingar i kommunen. Tiltak: Vidareføre arbeidet med HMS-planen for 2017 og medarbeiderundersøkinga frå hausten 2016. Innkjøp av utstyr med bakgrunn i omfattande ergonomigjennomgang av BHT i vår. Planlegging av studietur for personalet våren 2018.

## Flåm barnehage

Marianne Christensen

### Kjerneoppgåver:

Kjerneoppgåvene ligg i samfunnsmandatet til barnehagen, samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Å vareta barnas behov, forutset eit samarbeid mellom dei ulike instansar, som arbeider med barn.

### Viktige hendingar:

- Implementering av ny Rammeplan
- Arbeid med regional plan for god psykisk helse hjå barn og unge
- Arbeid med regionalt nettverksarbeid innan fagområda i Rammeplanen

### Mål/utviklingsområder:

- Tidlig innsats / god psykisk helse
- Implementering av ny Rammeplan
- Utvikla ny årsplan for barnehagen

### Kort resultatvurdering:

Rapporteringa viser at barnehagane har høg del med fagutdanna tilsette (33%), og endå høgare del med pedagogutdanning (50%).

Dette er positivt høge tal i nasjonal samanheng.

### Kommunens karakter i forhold til etterspørsel:

	KB 2016	KB 2017
	6,0	6,0

Ifølgje statistikken i kommunebarometeret har alle barn med rett på plass, i Aurland kommune fått barnehageplass.

### Økonomi/ressurs:

Revidert budsjett	Budsjett pr. 31.08	Rekneskap pr. 31.08	%
4 494	3 303	2 455	74,35

- Oppgradering av inventar og leikematerial hausten 2017 er nødvendig.
- Utvida opningstid og kontinuerlig opptak, er kostbart for barnehagen.
- 

### Medarbeidarar:

Kortidsfråvær pr. 31.08	Langtidfråvær pr. 31.08	Sjukefråvær totalt
1,6	2,5	4,1

- forankre nye stillingsinstruksar
- fokus på godt arbeidsmiljø
- fokus på vedlikehald av bygning /ny barnehage
- 2 langtidssjukmelde

## Vangen barnehage

Elisabeth Øynebråten

### Kjerneoppgåver:

Kjerneoppgåvene ligg i samfunnsmandatet til barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, å vare ta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Å vareta barnas behov, forutset eit samarbeid mellom dei ulike instansar, som arbeidar med barn.

### Viktige hendingar:

- Implementering av ny Rammeplan
- Arbeid med regional plan for god psykisk helse hjå barn og unge
- Arbeide med regionalt nettverksarbeid innan fagområda i Rammeplanen

### Mål/utviklingsområder:

- Tidleg innsats / god psykisk helse
- Implementering av ny Rammeplan
- Utviklar ny årsplan for barnehagen

### Kort resultatvurdering:

Rapporteringa viser at barnehagane har høg del med fagutdanna tilsette (33%), og endå høgare del med pedagogutdanning (50%). Dette er positivt høge tal i nasjonal samanheng

### Økonomi/ressurs:

Revidert budsjett	Budsjett pr. 31.08	Rekneskap pr. 31.08	%
5 468	3 284	3 246	98,61

- Frå hausten har me hatt ein auke i personalgruppa forhold til barn som treng ein til ein.
- Utvida opningstid og kontinuerlig opptak, er kostbart for barnehage verksemda.
- Oppgradering av invittar og leikematerial, hausten 2017 er nødvendig.

### Medarbeidarar:

Kortidsfråvær pr. 31.08	Langtidfråvær pr. 31.08	Sjukefråvær totalt
1,8	2,2	4,0

- Forankring av nye stillingsinstruksar
- Fokus på godt arbeidsmiljø
- Fokus på vedlikehald av bygning/ny barnehagen
- 2 langtidssjukmelde

### Kommunens karakter i forhold til etterspørsel

KB 2016	KB 2017
6.0	6.0

Ifølge statistikken i kommunebarometeret har alle barn med rett på plass i Aurland kommune fått barnehageplass.

## Flåm skule

Astrid Hassel

### Kjerneoppgåver:

Undervisning og drift av SFO

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Samarbeid på tvers av einingane, samarbeid med PPT, deltaking i pedagogisk utviklings-team, samarbeid med ABU i høve kompetanseheving tilsette.

### Viktige hendingar:

- Ny generell del av læreplanen
- Nytt kap. 9A i opplæringslova
- Utvida opningstid i SFO
- Lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget
- Tilsynsrapport frå Fylkesmannen – skulebasert vurdering

### Mål/utviklingsområde:

- Avrunde felles satsing i skulane – UIU (ungdomssteg i utvikling) under fana "System for styrka læring"
- Arbeide vidare med Psykisk helse – prosjektet KLAPP og ASK
- Tidleg innsats i 1 - 4. klasse – innføre STL+ (skrive seg til lesing med lyd støtte)
- IKT-satsing i skulane 2017-2019 digital kompetanse som grunnleggande ferdigheit (jfr. læreplanen)
- Vidareutdanning to lærarar – engelsk og matematikk
- Leksehjelp for 3. – 7. klasse etter skuletid
- Elevundersøkinga for 5. -7. kl, foreldreundersøkinga til UDIR og brukarundersøking i SFO
- Halde trykket på tilpassa opplæring
- Spesialundervisning

### Kort resultatvurdering:

Kommunebarometeret syner gode resultat for skulen. Andel som får spesialundervisning har gått jamt ned – inneverande skuleår har skulen *ingen* vedtak om spesialundervisning. Kommunen har

"raude tal" i høve manglande leksehjelp for 5. -7. steg. Det får elevane tilbod om no. Flåm skule er i ferd med å betre tala i høve nye kompetansekrav for utdanning hjå lærarar som underviser i norsk, engelsk og matematikk.

Kommunen har mål om at "*ingen elevar på barnesteget skal skåre på lågaste meistringsnivå 1*" når det gjeld nasjonale prøver. Med små årskull vert det store variasjonar i tala frå år til år. Nytt system vil etter kvart gi skulen betre indikatorar på utvikling over tid. Kommunebarometeret skriv at "*skolene i kommunen bidrar relativt sett mye til elevenes resultater*" – Skulen gjer med andre ord mykje rett i undervisninga.

### Økonomi/ressurs:

Revidert budsjett	Budsjett på 31.08	Rekneskap på 31.08	%
6 584	3 995	4 284	107,25

Flåm skule ligg *litt* i overkant av budsjettet.

Årsakane er: Ikkje innkomen refusjon for lærlingløn sist skuleår, ikkje budsjettet lærlingløn for hausten 2017, ikkje innkome tilskot på kr. 187 000 i høve vidareutdanning lærarar.

Skulen vil få noko høgare kostnad på drifta av SFO sidan opningstida er utvida og er frå 07.00 – 16.30. Dette krev meir personale. Vedtaket om dette vart gjort etter budsjettet for 2017 var lagt.

### Medarbeidarar:

Kortidsfråvær på 31.08	Langtidfråvær på 31.08	Sjukefråvær totalt
0,3	0,9	1,2

Flåm skule har lågt sjukefråvær og høg trivsel hjå dei tilsette. Det er mange aktivitetar gjennom året for å bygge relasjonar og positivt skule-, og arbeidsmiljø.

Etter medarbeidarundersøkingane har estetikk, orden og vedlikehald av det fysiske miljøet ute og inne vore fokusområde. Punktet om vedlikehald er største utfordringa.



## Helse og førebyggjing

Tenesteleiar Guri Olsen

### Kjerneoppgåver:

Helsetjenester med heimel i helse og omsorgstjenesteloven. Legekontor, helsestasjon med jordmor, fysioterapi, ergoterapi, rus og psykisk helsetjeneste, koordinerte tenester og kreftkoordinator.

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Førebyggjande arbeid

### Viktige hendingar:

- Har hatt 2 kvinnelege vikarlegar via vikarbyrå i sommar på legekontoret
- Tilsett legevikar frå medio august for lege som er i permisjon
- Stilling som treningskontakt er lyst ut og tilbod om stilling er sendt ut. Mål om oppstart tidleg i september.
- Helsesøster har søkt og har fått permisjon.
- Jordmor starta som vikar for helsesyster medio august.

### Mål/utviklingsområder:

- Fått tildelt prosjektmidlar på rus til treningskontakt frå fylkesmannen jfr søknaden frå mars.
- Fått tildelt prosjektmidlar frå fylkesmannen til å vurdere felles Frisklivssentral saman med Lærdal. Ser på ulike alternativ for samarbeid mellom kommunane.
- UngData er gjennomført og svar motteke.

### Kort resultatvurdering:

Frå Kommunebarometeret

2 åringar i vaksinasjonsprogrammet	9 åringar vaksinert mot meslinger	Lege årsverk pr 10.000
1,6	4,5	6

Vaksinasjonsdekning på barnevaksinasjonsprogrammet er lågare enn

ynskjeleg. Dette av omsyn til risikoen for sjukdom hjå det einskilde born, samt risiko for dei få born som ikkje kan vaksinere seg. Vaksinerings av born er frivillig og grunna små barnekull vil eit eller to born som ikkje vert vaksinert gi store utslag.

Legedekninga er i kommunebarometeret vurdert som god. I desse tala ligg også legetenester Aurland kommune sel til Sogn Lokalmedisinske senter som ledd i legetilsyn ved dei kommunale akutte døgn- sengane (KAD), tilsynslege ved sjukeheimen og helsestasjonslege

### Økonomi/ressurs:

Revidert budsjett	Budsjett pr. 31.08	Rekneskap pr. 31.08	%
11 686	7 043	7 409	105,19

Har hatt inne vikarar frå vikarbyrå på legekontoret i sommar. Dette er kostbart, men vert dekkja inn igjennom lønsmidlar frå den vakante legestillinga.

Konsekvensane av overgangen til eigendel ved fysioterapitenesta har vi ikkje oversikt over ennå. Dette grunna store utfordringar kring den elektroniske innrapporteringa av eigendelar til Helfo.

### Medarbeidarar:

Kortidsfråvær pr. 31.08	Langtidfråvær pr. 31.08	Sjukefråvær totalt
0,8	2,5	3,3

Ved utgangen av august var det ikkje nokon langtidssjukmelde

Inneklima (lukt) er ein tilbakevendande utfordring ved eininga. Dette rapporterast jamleg, men løysning ligg utafor eininga si kontroll.

## NAV

Einar Moen

### Kjerneoppgåver:

Handsame saker etter «Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen». Busetje flyktningar etter politisk vedtak. Administrere Husbanken sine ordningar lokalt.

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Individuelle planar, bidra i koordinerande eining. Grensesnitt til teknisk i bustadsaker. Delta i helse- og sosialnettverket.

### Viktige hendingar:

- held måla i arbeidet med busetjing av flyktningane

### Mål/utviklingsområder:

- Arbeider etter utviklingsavtalen. Målet er å støtte brukarar til å bli sjølvhjelpne, helst gjennom eige arbeid. Inntekssikre ved behov.

Grunna små forhold, svingar resultatata frå år til år. Det er vanskeleg å trekkje fornuft ut av statistikk på kort sikt. Treng tal over fleire år for å sjå verkelegheita. Då ser vi høg arbeidsgrad og låge sosialhjelpsutgifter.

### Økonomi/ressurs:

Revidert budsjett	Budsjett pr. 31.08	Rekneskap pr. 31.08	%
2 448	1 615	1 615	100,0

Mål om å halde budsjettet.

### Medarbeidarar:

Kortidsfråvær pr. 31.08	Langtidfråvær pr. 31.08	Sjukefråvær totalt
0,8	2,5	3,3

## Aurland og Lærdal barnevern

Tenesteleiar Anja Brekke Molvær

### Kjerneoppgåver:

Sikre at barn får riktig hjelp til rett tid.

Kjerneoppgåvene er i hovudsak sakshandsaming etter lov om barnevernstenester, under dette handsaming av meldingar, undersøkingar oppfølging av barn plassert utanfor heimen.

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Tett samarbeid med alle som har med barn, unge og deira familiar å gjere.

### Viktige hendingar:

- Utarbeiding av tenesteanalyse, skal vere ferdig til 10.november
- Nytt sakshandsamingsrundskriv frå Bufdir.
- Utarbeide forslag til barnevernvaktordning.
- 13 nye meldingar som gjev grunnlag for undersøking.
- Ein medarbeider har sagt opp si stilling.

### Mål/utviklingsområder:

(årshjul – egne def mål/utvilling, statlege føringar, politiske vedtak)

- Jobbe målretta med kommunikasjon og informasjon til brukarar av tenesta.
- Ingen fristbrot i undersøking.
- Gjennomfører betringsarbeid knytt til lovkrav og kvalitetsmål i barnevernet.

### Kort resultatvurdering:

**Indikatorar/nøkkeltal (Kommunekompasset, tenestanalyse, utviklingsmeldinga mm):**

Per 20.06.17: 12 av 13 undersøkingar er avslutta innan tre månader. 1 undersøking er godkjent utvida til seks månader.

Meldingar	Barn med tiltak	Tal undersøkingar
13	31	13

Det har vore ein nedgang i tal meldingar samanlikna med i fjor.

Det blir som regel ikkje lagt vekk meldingar som kjem inn, men det er ein liten auke på to undersøkingar som er lagt vekk i 2017. Det var ingen i 2016.

Stabile tal på tiltak, lang opphaldstid i tiltak. Fokus på å halde tidsfristar fungerer etter intensjonen.

### Økonomi/ressurs (tal pr 1000):

Revidert budsjett	Budsjett pr. 31.08	Rekneskap pr. 31.08	%
3.050	2.146	2.236	

Det har vore kostnader til handsaming av sak i Fylkesnemnda. Overforbruk skuldast i all hovudsak utgifter her. Det har også vore utgifter knytt til deltaking i effektiviseringsnettverk som i sin heilheit vert belasta barnevernet sitt budsjett. Dette vart ikkje teke høgde for i budsjett 2017. Tenesta kan få kostnader i samband med nytt tiltak, men dette er per no ikkje avklara.

### Medarbeidarar:

Kortidsfråvær pr. 31.08	Langtidfråvær pr. 31.08	Sjukefråvær totalt
0,8	17,8	18,6

Ein tilsett har vore langtidssjukemeld. Korttidsfråvær vert arberidd med i eigen oppfyljingsplan, og er ikkje arbeidsplassrelatert.

## Pleie og omsorg

Kari Voldum

### Kjerneoppgåver:

Vurdering, tildeling og drift av helse- og omsorgstenester etter helse og omsorgstenestelova:

- Helsehjelp, behandling, rehabilitering, langtidsopphald i institusjon
- Helsehjelp, praktisk bistand og opplæring, avlasting, støttekontakt, rehabilitering, matombringing, trygghetsalarm i eigen heim eller i omsorgsbustad

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Samhandling med brukar, pårørande, nettverk og andre tenesteytarar, som t.d ergoterapeut, fysioterapeut, sjukeheimslege, tannlege og spesialisthelsetenesta.

### Viktige hendingar:

- Omstillingsprosjekt i pleie og omsorg med fleire tema og føremål
- Lokal forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad, særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester i Aurland kommune
- Ny nasjonal fagleg retningsline om demens: God diagnostikk og behandling
- Planlagt kursing i ROS analyser

### Mål/utviklingsområder:

Oppfølging av dei ulike områda i omstillingsprosjektet etter tilrådingar frå RO rapport

- Reviderte tenestestandardar og tildelingsfunksjon

- Ny årsturnus/fokus på heiltidskultur
- Prosjekt kvardagsrehabilitering
- Prosjekt spesialomsorg
- Planlegging av omsorgsbustader
- Organisasjon og leiing

### Kort resultatvurdering:

Stabile tal på brukarar, både i institusjon og i heimebasert omsorg. Dei siste 3 månadene er plassituasjonen ved helsetunet noko betra. Ingen bruk av dobbeltrom no. Så langt i 2017 har Aurland kun 4 liggedøgn på utskrivingsklare pasientar. Tid med lege pr bebuar har auka litt. Målt pr bebuar er tida med fysioterapeut på helsetunet litt under middels. Dei tilsette med fagutdanning har auka litt det siste året til 73%. Snittet for landet ligg på 74%.

### Økonomi/ressurs:

Revidert budsjett	Budsjett pr. 31.08	Rekneskap pr. 31.08	%
58 322	40 988	40 597	99,05

Rekneskapen er i balanse pr 31.8 samanlikna med periodisert budsjett.

### Medarbeidarar:

Kortidsfråvær pr. 31.08	Langtidsfråvær pr. 31.08	Sjukefråvæ r totalt
1,9	7,6	9,5

Totalt kan det sjå ut for at sjukefråveret er noko stigande. Fleire langtidsjukmeldingar er årsak til dette. Som IA - bedrift blir det jobba aktivt med oppfølging av dei sjukmelde.

## Teknisk

Reinhardt Sørensen

### Kjerneoppgåver:

- Kommunale eigedommar
- Kommunale vegar
- Vatn & avløp
- Brannvern
- Byggesak og oppmåling

### Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Gjennomføring av kommunale investeringar (eige budsjett).

### Viktige hendingar:

- Lagt store mengder asfalt i 2. tertial.
- Gjennomført grunnkurs for 12 deltids-brannmannskap.
- Rekordaktivitet for gjennomføring av kommunale investeringar.

### Kort resultatvurdering:

	2015 1/1- 31/8	2016 1/1 - 31/8	2017 1/1 - 31/8
Kommunale eigedommar – kostnad per kvm	266	271	269
Sakshandsamingstid – byggesak (12 – ukers frist)	38	21	23

Nøkkeltal syner stabil kostnadseffektivitet og kvalitet (tidsfaktor) i tenesteproduksjon.

### Økonomi/ressurs:

Revidert budsjett	Budsjett pr. 31.08	Rekneskap pr. 31.08	%
24 583	15 872	17 087	107,66

Overskridinga skuldast påløpte kostnader til asfaltering som følgje av oppnådde gode prisar på legging av asfalt. Difor er det asfaltert meir i 2017 enn budsjettert. I tillegg har straumprisane gjort at ein ligg an til å bruke ca 600.000 meir enn budsjettert. Det blir jobba med å ta inn igjen overskridinga gjennom å redusere kostnader på andre postar siste tertial.

Medarbeidara r:Kortidsfråvæ r pr. 31.08	Langtidfråvæ r pr. 31.08	Sjukefråvæ r totalt
1,2	0,7	1,9

Sjukefråver på eininga ligg lågt, både i denne perioden og tidlegare periodar.

## Aurland Hamnevesen KF

### **Økonomi**

Omsetning hittil i år kr 11,7 mill mot kr 12,4 mill på same tid i fjor og kr 10,9 mill på periodisert budsjett. Årsak til større omsetning enn budsjett ligg på meir effektiv utnytting av kaien i Flåm. Driftsresultatet ligg på 4,8 mill mot kr 5,8 mill på same tidspunkt i fjor og kr 5,2 mill i budsjett. I driftsresultatet hittil er det ført ein del kostnader som ikkje var komne på same tidspunkt i 2016 slik at prognosert resultat vil bli om lag på same nivå som budsjett.

### **Kundefordringar**

Det er nesten ikkje uteståande gamle krav i Hamnevesenet som skuldast raskare handsaming av fakturering og oppfølging.

### **Andre opplysningar**

Hamnesjef John Erik Johnsen går av våren 2018. Tilsetjingsprosessen for ny hamnesjef er i gang.



## 12 VARSLING OM KRITIKKVERDIGE FORHOLD PÅ ARBEIDSPLASSEN

Aurland kommune legg til rette for at tilsette skal melde frå når dei opplever, eller får kjennskap til, kritikkverdige tilhøve på arbeidsplassen. Nedanfor finn du svar på vanlege spørsmål om varsling og informasjon om korleis du går fram dersom du skal varsle om kritikkverdige tilhøve. Arbeidsmiljølova sine vilkår for varsling er endra frå 01.07.17.

### 12.1 Kva er varsling etter arbeidsmiljølova?

Varsling er å melde frå om kritikkverdige tilhøve i kommunen. Vilkår for varsling står i arbeidsmiljølova § 2 A. Alle tilsette har etter aml § 2 A-1 rett til å melde frå om kritikkverdige tilhøve på arbeidsplassen. Retten til å varsle gjeld og innleigd arbeidstakar. Framgangsmåte ved varsling skal vere forsvarleg og i samsvar med kommunen sine rutinar for varsling.

### 12.2 Kva er kritikkverdige tilhøve?

Brot på lovreglar, interne retningslinjer eller etiske normer kan vere døme på kritikkverdige tilhøve. Dette kan vere mobbing, seksuell trakassering, diskriminering, rusmisbruk, dårlege arbeidstilhøve, økonomisk utroskap m.m. Kritikkverdige tilhøve kan og vere at tenestemottakar ikkje får ivaretatt sine rettigheter.

Kritikk skal vere saklig og ikkje vere tufta på sladder eller ugrunna påstandar. Det skal ikkje varslast om tilhøve og forhold som arbeidstakaren meiner er kritikkverdig ut i frå eigen politiske ståstad eller etisk overtvinging.

### 12.3 Ofte stilte spørsmål om varsling

#### Kva er skilnad på å melde avvik og å varsle?

Avvik skal meldast ved alle tilhøve eller hendingar som ikkje skjer i tråd med lovverk, internreglement, kriterier og kvalitetsstandardar. Dette kan vere ulykker, skadar, nestenulykker, feil, nesten feil, manglande utføring av oppgåver og «tabbar» som ha eller kunne ha ført til fare eller skade.

Varsel gjeld til dømes brot på lovreglar, interne retningslinjer eller etiske normer.

#### Kven kan varsle?

- Alle tilsette i Aurland kommune har rett til å varsle.
- Rett til å varsle gjeld og innleigd arbeidskraft.
- Aurland kommune ynskjer at studentar i praksis og lærlingar skal varsle.
- Eksterne personar, som ikkje er tilsett i Aurland kommune, kan og varsle om kritikkverdige tilhøve. Her gjeld varslingsrutinane så langt det høver.

#### Kva bør ein tenkje igjennom før ein varslar?

- Har eg grunnlag for kritikken?
- Korleis bør eg gå fram?
- Kven bør eg melde frå til?



Arbeidstakar skal ikkje gå fram på ein måte som er trakasserande eller som fører til unødig belastning. Arbeidstakar skal ikkje fremje grunnlause påstandar mot kollega, eller gjenta påstandar etter at det er rydda opp i forhold i arbeidsmiljøet.

### **Kva med teieplikta?**

Reglar om teieplikt og ærekrenking i anna lovverk kan avgrense retten til å varsle etter arbeidsmiljølova. Dette betyr at tilsette som varslar ikkje skal røpe forretningsmessige tilhøve, personopplysningar eller liknande. Teieplikt i avtalar, instruksar og interne reglement avgrensar ikkje retten til å varsle. Det er kunn teieplikt etter anna lovverk som kan avgrense retten til å varsle.

### **Kven bør ein varsle til?**

- Som hovudregel bør tilsette varsle i linja, til nærmaste leiar eller overordna leiing. Tilsette kan og varsle internt til leiinga via tillitsvald, verneombod, kollega eller anna rådgjevar. Tilsette, tillitsvald og verneombod som tek i mot varsel skal ta dette vidare til leiinga i kommunen.
- Tilsette bør sørge for at nokon i kommunen med mynde eller ansvar i forhold til det varslinga gjeld får vite om saka, og på den måten får høve til å rydde opp.
- Tilsette kan i tillegg nytte elektronisk skjema på kommunen si heimeside og intranett. Rådmann er mottakar av varsel som blir sendt via elektronisk skjema.
- I varslingsaker som gjeld rådmann eller som går på at rådmann som øvste administrative leiar ikkje har sørge for at lover og reglar blir følgt vil rådmann kunne vere inhabil etter forvaltningslova § 6. Dersom rådmann er inhabil skal det oppnemnast ein setterrådmann som skal handsame saka på vegen av kommunen.
- I tillegg til intern varsling kan varsling til tilsynsmyndigheiter og andre offentlege myndigheiter vere aktuelt. Til dømes Arbeidstilsynet, Datatilsynet, politiet m.m.
- Kontrollutvalet og arbeidsmiljøutvalet skal normalt ikkje vere mottakar av varslingsaker.
- Tilsette har rett til å varsle allmenta om forhold som allmenta bør kjenne til, for eksempel alvorlege lovbrøt, stor sikkerheitsrisiko eller forhold som har alvorlege konsekvensar eller som påverkar store samfunnsgrupper.
- Opplysningar som kunn er av intern eller personleg interesse, slik ofte er tilfelle i forhold til for eksempel interne personkonfliktar, bør ikkje vere eit tema som kjem ut og blir drøfta i offentlegheita. Dette kan skade arbeidsmiljøet unødig. Varsling av denne typen kan for eksempel vere aktuelt å sende til tilsynsmyndigheitene.

### **Har verneombodet har ei særskilt varslingsplikt?**

Verneombod har ei særskilt varslingsplikt etter [AML § 6-2, 3. ledd](#). Blir verneombod kjent med tilhøve som kan medføre ulykkes- eller helsefare, skal verneombodet straks melde frå til arbeidstakarane og til arbeidsgjevar. Er det ikkje innan rimeleg tid teke omsyn til meldinga skal verneombodet melde saka vidare til arbeidsmiljøutvalet (AMU) og hovudverneombod (HVO)

### **Kva bør varslinga innehalde?**





- **Fullt namn.** Dette er ynskjeleg slik at arbeidsgjevar kan innhente ytterlegare informasjon og kan gje ei tilbakemelding til varslar om framdrift i saka. Varslar kan og velje å vere anonym.
- Dato for varsling
- Konkret skildring av hendinga det blir varsla om –tid, stad og kva som er observert
- Namn på andre vitne
- Eventuell kunnskap om tidlegare saker med same person (-ar)
- Framlegg til tiltak

### **Korleis blir varslinga følgt opp?**

Arbeidsgjevar har ansvar for å undersøke alle varsel om kritikkverdige tilhøve. Vedlagte skjema for intern oppfølging skal nyttast og viser kva som er vanleg saksgang for slike saker. Arbeidsgjevar vil vurdere om det er trong for å involvere andre myndigheiter eller gjennomføre eksterne granskingar. Oppfølginga vil såleis avhenge av type sak og kven varslinga er retta mot. Dokumentasjon i saka blir arkivert/journalført i tråd med gjeldande reglar. Saker som gjeld straffbare tilhøve blir meldt til politiet.

I saker der varsel er retta mot rådmann skal det oppnemnast setterrådmann. Politisk leiing har ansvar for å oppnemne setterrådmann som skal følgje opp saka på vegne av kommunen.

### **Kva risiko tek den som varslar?**

«Gjengjeldelse» mot arbeidstakar som varslar er forbode etter [AML § 2 A-2](#). Dette betyr at Aurland kommune ikkje kan reagere på *forsvarleg varsling* med oppseiing, avskjed, suspensjon, trakassering eller liknande. Arbeidstakar må likevel tåle saklege motargument eller motbevis knytt til dei kritikkverdige tilhøva det blir varsla om.

Dersom arbeidsgjevar meiner at ein tilsett ikkje har varsla på riktig måte, er det arbeidsgjevar som må bevise dette. Arbeidsgjevar må då for eksempel føre bevis for at arbeidstakaren forstod betre, eller burde ha forstått at ein påstand om t.d. korrupsjon var feil eller at arbeidstakaren ved enkle (lovlege)undersøkingar kunne sjekka ut at påstanden var feil.

### **Kan ein vere anonym?**

Varsling kan skje anonymt. Det er ynskjeleg frå arbeidsgjevar at den som varslar skriv under med namn. Namnet skal vere fortruleg og ikkje gjerast kjent for andre enn dei som absolutt treng denne informasjonen. Offentleg myndigheit som mottek varsele har teieplikt etter [AML § 2 A-4](#). Den varslet gjeld har rett til innsyn i saka. Rett til innsyn vil i dei fleste saker også gjelde rett til innsyn i opplysningar om kven som har varsla. Partar i saka teieplikt etter [AML § 2 A-4](#). Forveltningslova § 13 til 13e gjeld elles tilsvarande.

### **Får varslar tilbakemelding?**



Når arbeidsgjevar følgjer opp ei varsling skal varslar normalt ha ei tilbakemelding innan tre veker. Ved elektronisk varsling får varslar ei kvittering ved innsending av skjema. Spørsmål om innsyn blir regulert av offentleglova, forvaltningslova, personopplysningslova m.m.

#### **Kva med den det blir varsla om?**

Den det blir varsla om, skal i utgangspunktet gjerast kjent med varslet, og kva opplysningar som er gitt. På den måten får vedkommande høve til å komme med sin versjon av saka (kontradiksjon). Når saka er ferdig handsama, skal den det er varsla om straks ha melding, uansett utfall.

#### **Kva bør ein tenkje på om ein vurderer kontakt med media?**

- Har ein god grunn for å hevde at det er kritikkverdige tilhøve ?
- Har ein prøvd intern varsling først?
- Har ein prøvd varsling til eksterne organ med tilsynsmynde?
- Har andre utanfor bedrifta krav på eller interesse av å få vite om tilhøva?
- Vil kollegaer og/eller arbeidsgjevar verte påført unødig skade om eg går til media?

#### **12.4 Rutinar for varsling etter [AML § 2 A-3](#)**

1. Arbeidstakar har etter AML § 2 A-1 rett til å varsle om kritikkverdige tilhøve. Varslinga skal vere forsvarleg. Dette betyr at det skal vere sakleg grunn for å varsle og framgangsmåten skal vere forsvarleg.
2. INTERN VARSLING:
  - a. Tilsette kan varsle skriftleg til nærmaste leiar, tenesteleiar/rådmann, verneombod, eller tillitsvalde.
  - b. Tilsette kan varsle elektronisk. Slik varsling går til rådmann.
  - c. Varsel som gjeld rådmann kan sendast til politisk leiing. Politisk leiing har ansvar for å oppnemne setterrådmann.
3. EKSTERN VARSLING:
  - a. Tilsette kan varsle utanom linja til tilsynsmyndigheiter eller andre offentlege myndigheiter (Arbeidstilsynet, Datatilsynet, Helsetilsynet, Konkurransetilsynet, Statens forureiningstilsyn, Økokrim eller Politiet).
  - b. Tilsette kan varsle til media dersom det ikkje er høveleg å ta opp saka på andre måtar.
4. Varsling skjer som hovudregel skriftleg i brevform eller elektronisk på eige skjema. Hugs at opplysningar som er underlagt teieplikta skal ikkje sendast på e-post. Dersom varsel blir gitt munnleg har den som tek imot varsel ansvar for å skriftleggjere meldinga. Munnleg varsling kan ikkje vere anonym.



5. Ved intern varsling blir varsel og anna relevant dokumentasjon i saka skal registrert i ACOS websak.
6. Sakshandsaminga skal følgje reglane for sakshandsaming i forvaltingslova.

**Lowverk**

[AML § 2 A-3](#), arbeidsgjevar si plikt til å utarbeide retningslinjer for varsling

[AML § 2 A-1](#), arbeidstakar sin rett til å varsle

[AML § 2 A-2](#), vern mot gjengjeldelse ved varsling

[Grunnloven § 100](#) ytringsfridom



### 12.5 Intern oppfølging – varsel om kritikkverdige tilhøve

Steg	Saksgang	Dato	Signatur
1	Varsel motteke:		
2	Ansvar for oppfølging (habilitet vurdert):		
3	Undersøking gjennomført (vurdere om framgangsmåten har vore forsvarleg, dokumentasjon undervegs, reglar for teieplikt og sikre kontradiksjon):		
4	Konklusjon:		
5	Tilbakemelding til varslar (innan 3 veker):		
6	Naudsynt informasjon er gitt til den eller dei det er varsla om:		
7	Tiltak:		
8	Vidare oppfølging som er planlagt:		

Skjema skal fyllast ut av sakshandsamar og journalførast saman med varsel og anna relevant dokumentasjon i Acos websak.



# AURLAND KOMMUNE

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
078/17	Formannskapet	19.10.2017
080/17	Kommunestyret	26.10.2017

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
17/896 - 17/7523	K1 - 033, K3 - &01	Steinar Søggaard	11.10.2017

### Avtale om sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala gjeldande frå 01.06.2017

#### Tilråding frå rådmann:

Kommunestyret vedtek at kommunen inngår ny avtale med PricewaterhouseCoopers (PwC) om kjøp sekretariatstenester til kontrollutvalet i samsvar med vedlagde utkast.

#### Bakgrunn

Aurland kommune har avtale med PwC om kjøp av sekretariatsfunksjonen for kontrollutvalet. Dei andre kommunane i Sogn regionråd har same avtale. Avtaleperioden var på fire år frå 1.3.2013 og gjekk ut 28.2.2017. For å rekka den politiske handsaminga er avtalen forlenga til 31.5.2017.

Anbudsarbeidet med utarbeiding av konkurransegrunnlag, innhenting av tilbud og vurdering av tilboda er gjort i eit samarbeid mellom kommunane som er med i Sogn regionråd.

Innkjøpsavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune vart engasjert til å yta fagleg bistand ved anbudsinnhentinga. Det vart sett ned ei brukargruppa der kontrollutvalsleiarane i Aurland og Sogndal og rådmannen i Sogndal var medlemmer.

Det er kome inn eitt tilbud som er frå PwC. Tilbodet er kr. 170 582,- eks mva pr. år. Det vil vera ei prisjustering i perioden i samsvar med konsumprisindeksen og tidlegast første gang 1.1.2019. Avtalen trer i kraft 01.06.2017 og vil vera gyldig til 01.06.2019 og kan forlengast to

gonger for 2 år om gongen.

### **Vurdering**

Rådmann tilrår fornying av kontrakt med PwC med ein samla kostnad på kr 170 582,- + mva for kommunen, jf vedlagde utkast.

### **19.10.2017 Formannskapet**

#### **Røysting**

Tilråding frå rådmann: samrøystes

#### **FS-078/17 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek at kommunen inngår ny avtale med PricewaterhouseCoopers (PwC) om kjøp sekretariatstenester til kontrollutvalet i samsvar med vedlagde utkast.

Samrøystes

### **26.10.2017 Kommunestyret**

#### **Røysting**

Framlegg frå formannskapet: samrøystes

#### **KS-080/17 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek at kommunen inngår ny avtale med PricewaterhouseCoopers (PwC) om kjøp sekretariatstenester til kontrollutvalet i samsvar med vedlagde utkast.

Samrøystes

#### **Vedlegg:**

Avtale Sekretariatsfunksjon kontrollutvala utan timepris, offentleg



# AURLAND KOMMUNE

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
073/17	Formannskapet	19.10.2017
075/17	Kommunestyret	26.10.2017

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
17/894 - 17/7508	K1 - 250, K3 - &58	Reidar Johnsen 57 63 29 40	11.10.2017

### Godkjenning og kvalitetssikring av nytt finansreglement

#### Tilråding frå rådmann:

Finansreglementet med kvalitetssikring og dei administrative rutinane blir godkjente slik dei er framlagt.

#### Bakgrunn

Som følgje av «Terra – skandalen» kom det i 2009 ei forskrift med krav om eit reglement for finansforvaltninga i kommunane med ei kvalitetssikring av eit uavhengig organ. Aurland kommune har laga eit reglement for finansforvaltninga som har vorte kvalitetssikra av eit uavhengig organ (Finansinnkjøp AS). Reglementet medfører ikkje at vi treng gjere endringar i noverande praksis av finansforvaltninga. Det er også laga framlegg til administrative rutinar som også har vorte kvalitetssikra av Finansinnkjøp AS.

#### Vurdering

Aurland kommune legg vekt på at vi ikkje skal ha nokon vesentleg finansiell risiko gjennom plassering av pengar eller på andre måtar innan finansområdet. Reglementet gjer at vi ikkje treng gjere endringar i noverande praksis. Det blir også lagt opp til rapportering innan finansområdet til kommunestyret i samband med tertialrapportar og årsoppgjer.

**19.10.2017 Formannskapet**

**Røysting**

Tilråding frå rådmann: samrøystes

**FS-073/17 Vedtak:**

Finansreglementet med kvalitetssikring og dei administrative rutinane blir godkjente slik dei er framlagt.

Samrøystes

**26.10.2017 Kommunestyret**

**Røysting**

Framlegg frå formannskapet: samrøystes

**KS-075/17 Vedtak:**

Finansreglementet med kvalitetssikring og dei administrative rutinane blir godkjente slik dei er framlagt.

Samrøystes

**Vedlegg:**

Vurdering av utkast til nytt finansreglement for Aurland kommune 2017

Rutinar for finansforvaltninga i Aurland - endra august 2017

Finansreglement for Aurland - framlegg endra 2017





**FINANSREGLEMENT**  
**FOR**  
**AURLAND KOMMUNE**

## Finansreglement for Aurland kommune

<b>FINANSREGLEMENT .....</b>	<b>3</b>
1.1 INNLEIING.....	3
2 FULLMAKT TIL RÅDMANNEN .....	6
2.1 RAMMER FOR PLASSERING AV DEN LEDIGE STUTTE LIKVIDITETEN TIL KOMMUNEN.....	6
2.1.1 PLASSERINGSINSTRUMENT OG SUMGRENSER .....	6
2.1.2 BENCHMARK (MÅLESTOKK) .....	7
2.2 RAMMER FOR PLASSERING AV DEN LANGE KAPITALEN TIL KOMMUNEN .....	8
2.2.1 PLASSERINGSINSTRUMENT OG SUMGRENSER.....	8
2.2.2 RAMMER FOR LENGDA TIL PLASSERINGA. ....	10
2.2.3 BENCHMARK (MÅLESTOKK) .....	10
2.3 RAMMER FOR LÅNEOPPTAK .....	10
2.3.1 FULLMAKT.....	10
2.3.2 STUTT GJELD.....	10
2.3.3 LANGSIKTIG GJELD .....	10
3 RUTINAR VED BRUK AV EKSTERNE FORVALTARAR:.....	11
4 RAPPORTERING .....	12
5 KONSTATERING AV AVVIK .....	12
6 ANSVAR OG FULLMAKT .....	12
7 KVALITETSSIKRING AV REGLEMENT .....	12
8 RETNINGSLINER FOR TILDELING STARTLÅN .....	13
8.1 KRAV TIL BUSTAD .....	13
8.2 KRAV TIL INNTEKT .....	13
8.3 PRIORITERING.....	13
8.4 LÅNEUTMÅLING .....	13
8.5 VILKÅR FOR REFINANSIERING.....	13
8.6 KRAV TIL SIKRING .....	13
8.7 OVERFØRING .....	13
8.8 HANDSAMING AV SØKNADER.....	13
8.9 OPPDATERINGAR OG ENDRINGAR .....	13

## FINANSREGLEMENT

### 1.1 Innleiing

Finansreglementet omfattar dei viktigaste kontaktpunktane Aurland kommune har med finansmarknaden.

Det omfattar:

- plassering og forvaltning av ledig likviditet og andre midlar føresett bruk til drift.
- forvaltning av gjeldsportefølja og andre finansieringsavtalar, medrekna og metodar og rutinar ved opptak av lån
- plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva fråskilt frå midlane til kommunen føresett brukt til driftsføremål (langsiktig overskotslikviditet).

Finansstrategien omfattar dei overordna rammene for finans- og gjeldsforvaltninga til kommunen vedteke av kommunestyret.

Kommunen sin portefølje av langsiktige utlån til og eigardelar i hel- eller majoritetseigde selskap underleggjast ikkje direkte dette reglementet.

Aksjar eller andelar i selskap der kommunens eigarskap ikkje er en del av korleis den ledige likviditeten er plassert, men som er av meir strategisk karakter og motivert ut fra næringspolitiske eller samfunnsmessige omsyn omfattas ikkje av dette reglementet.

### 1.2 Målet med finans- og gjeldsforvaltninga

#### *Generelt*

Innanfor dei overordna rammene for finansiell risiko og risikospreiing skal kommunen maksimere avkastninga av midlane som blir forvalta med eit mål om at den skal sikra ei stabil finansiering av verksemda i kommunen.

#### *Plassering og forvaltning av ledig likviditet og andre midlar til driftsføremål*

Kortsiktige midlar skal som hovudføresetnad sikra at kommunen til ei kvar tid har likviditet til å møte alle planlagde utgifter til driftsføremål. Innanfor definerte rammer for finansiell risiko og risikospreiing, skal kommunen etter regelen oppnå avkastning minst tilsvarende bankrente på dei forvalta midlane.

#### *Plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva*

Den langsiktige kapitalen til kommunen skal forvaltast fråskilt frå midlane til kommunen som er føresett brukt til driftsføremål. Innanfor definerte rammer for finansiell risiko og risikospreiing skal kommunen alltid prøva å maksimera avkastninga av midlane som er forvalta med mål å halda oppe realverdien til kapitalen og auka nettoformuen til kommunen og den finansielle handlefridomen over tid.

#### *Forvaltning av gjeldsporteføljen og andre finansieringsavtalar*

Føremålet med gjeldsforvaltninga er å oppnå lågast mogleg lånekostnad innanfor definerte rammer for finansiell risiko og risikospreiing.

### 1.3 Generelle rammer og avgrensingar

I finans- og gjeldsforvaltninga til kommunen skal den finansielle risikoen i samband med dei

## Finansreglement for Aurland kommune

einskilde plasseringane balanserast innanfor rammene som er definert for dei ulike aktivaklassane. I dette høve må det skiljast mellom driftslikviditeten til kommunen og langsiktig overskotslikviditet.

### Driftslikviditet

Driftslikviditeten til kommunen er den likviditet kommunen har til dekking av sine daglege utgifter i samband med driftsprogrammet og finansieringa av investeringar til kommunen. Driftslikviditeten består av dei til ein kvar tid inneståande midlar på kommunen sin bankkonti, trekkrettigheter og plasseringar av overskotslikviditet i samhøve med dette reglementet. Driftslikviditeten vil bestå av følgjande deler:

*Likviditetsreserven;* som skal sikre det behov for likviditet som oppstår som følgje av tidsforskjellen mellom inn- og utbetalingar. Kommunen skal til ein kvar tid halde ein likviditetsreserve som er like stor som forventa likviditetsbehov dei neste 30 dagar. All likviditet utover dette utgjør overskotslikviditet.

*Overskotslikviditet:* midlertidig overskotslikviditet bestående av likvide midlar utover den naudsynte likviditetsreserven ekskl. langsiktig overskotslikviditet.

### Langsiktig overskotslikviditet

Plassering av langsiktige finansielle aktiva skal forvaltast fråskilt frå driftslikviditeten. Desse midlane skil seg frå sistnemnde ved at forvaltninga av desse ikkje er utslagsgjevande for tenesteproduksjonen til kommunen på kort sikt. Det er her avkastning på lang sikt som er føremålet, og det er difor naturleg å fokusera mindre på kortsiktige svingingar i marknaden. Ved denne forvaltninga vil derfor kommunen kunne godta noko lågare likviditet i bytte mot sjansane for ein noko høgare avkastning på lang sikt. Langsiktig overskotslikviditet har ein investeringshorisont på over 5 år.

Kommunen skal ikkje ta valutarisiko utover den risiko som vil oppstå i samband med plasseringar i utanlandske aksjar. Dette vil medføra at alle renteberande plasseringar og låneopptak i utanlandsk valuta skal sikrast til norske kroner (NOK).

## 1.4 Finansiell risiko

Finans- og gjeldsforvaltninga til kommunen skal drivast slik at kommunen ikkje vert påført vesentleg finansiell risiko. Det eksisterer ulike typar av finansiell risiko.

Finansiell risiko har med å gjera den til usikre verdien til plasseringa i framtida eller forpliktinga i høve til verdien på plasseringstidspunktet, eller tidspunkt for avtaleinngåinga. Det vil ofte vere samvariasjon mellom grad av risiko og avkastningspotensialet på plasseringa.

### **Kredittrisiko**

Kredittrisiko representerer faren for at låntakar, eller motparten i ein derivatkontrakt, ikkje betaler tilbake heile eller deler av lånet (inkludert rentene).

### **Marknadsrisiko**

Risikoen for tap som følgje av endringar i prisar og kurssvingingar i dei marknadene kommunen er eksponert, herunder: t.d. obligasjons- og aksjemarknaden

### **Renterisiko**

Renterisiko representerer risikoen for at verdien på lån og

## Finansreglement for Aurland kommune

plasseringar i renteberande verdipapir endrar seg når renta endrar seg. Går renta opp, går verdien av plasseringar i renteberande verdipapir ned (og motsett).

### Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko representerer faren for at midlar ikkje kan transformerast til kontantar i løpet av ein rimeleg tidsperiode.

### Refinansieringsrisiko

Risikoen for at kommunen ikkje klarer å refinansiere lån som forfall. Dersom kommunen ikkje har likviditet eller tilstrekkelige trekkrettigheter tilgjengelig, vil det påløpe ett betalingsmislighold. På kort sikt vil det medføre utgifter i form av morarenter. Dersom likviditeten ikke skaffes til veie, vil en konsekvens være førtidig realisering av eiendeler for å dekke hovedstol.

### Valutarisiko

Valutarisiko representerer risikoen for tap p.g.a. kurssvingingar i valutamarknaden.

### Systematisk risiko i aksjemarknaden (generell marknadrisiko)

Systematisk risiko har samanheng med sannsynet for at den aktuelle aksjemarknaden vil stige eller falle - både på kort og lang sikt.

### Usystematisk risiko i aksjemarknaden (selskapsrisiko)

Usystematisk risiko har samanheng med risikoen for at verdien av det aktuelle investeringsobjekt (selskap) ein investerer i, vil stige eller falle i høve til verdien på marknad - både på kort og lang sikt.

Midlane til kommunen vil være plassert i 4 hovudkategoriar; bankinnskot, sertifikat/pengemarknadsfond, obligasjonar/obligasjonsfond og aksjar/aksjefond. Kommunestyret ser risikoen for dei einstilte kategoriane som følgjer:

	Kredittrisiko	Likviditetsrisiko	Kurs/renterisiko	Samla risiko
Bankinnskot	Låg/Låg	Låg/Låg	-	Låg/Låg
